



VESTRE SLIDRE KOMMUNE

Handlings- og økonomiplan 2025-2028

Vedteke i kommunestyret

12. desember 2024

Innhold

Innhold	2
Innleiing.....	4
Planprosessen.....	5
Demografi.....	6
FNs 17 berekraftsmål.....	10
Økonomiske måltall.....	12
Netto driftsresultat	12
Disposisjonsfondet.	13
Lånegjeld.	14
Handlingsplan – økonomiplan 2025-2028.....	15
Handlingsplan 2025-2028.....	15
Målbilete 2028	16
Overordna målsettingar fram i mot 2028.....	17
Helse og oppvekst.....	17
Plan, teknisk, miljø og samfunnsutvikling	17
Tiltak som gjer kostnadsauke og tiltak som gjer innsparing.....	18
Omtale av innsparingstiltaka og konsekvensar	18
Driftsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028.....	20
Inntektene i planperioden.....	20
Eigedomsskatt.....	21
Kraftinntekter	21
Andre inntekter	21
Driftskostnader	22
Lønnskostnader	22
Andre driftskostnader.....	22
Finans.....	22
Bevilling investering – prosjekt.....	25
Oversikt over gjeld og andre vesentlege forpliktelser	29
Verksemdsplan 2025	30
Planverket.....	31
Organisering av verksemda	31
Politisk organisering.....	31
Administrativ organisering	31
Verksemdsplan per tenesteområde	32
Politisk styring, råd og utval.....	32

Administrasjonen- stab og støtte	32
Helse og oppvekst.....	34
Barnehage	34
Grunnskule	36
Kulturskule	39
Kultur, frivillighet, inkludering og aktivitet for barn og unge.....	41
Pedagogisk avdeling, Leirskule	45
Barnevern	45
Førebygging og behandling	47
Pleie og omsorg – Helsetun	52
Heimetenesta	54
Individuelt tilrettelagte tenester ITT.....	57
Plan, Teknisk, Miljø og Samfunnsutvikling.....	59
Forvaltning, drift og vedlikehold. (FDV).....	59
Veg, vatn og avløp	63
Forvaltning.....	66

Innleiing

Handlings- og økonomiplan for 2025 - 2028 med årsbudsjett for 2025, er eit resultat av eit omfattande arbeid i kommunen sin administrasjon. Utgangspunkt for arbeidet er rullering av gjeldande plan for 2024-2027 og tilhøve som er kome fram i driftsåret 2024 og som vi tek med oss inn i 2025.

Arbeidet med budsjett og kommuneøkonomi er prega av nokre viktige faktorar. Tal innbyggjarar, aldersfordeling på innbyggjarane, renteutvikling og kraftpris er døme på slike faktorar.

Aldersfordelinga seier automatisk noko om kva for tenester det er pårekeleg at kommune må tilby. Statistisk Sentralbyrå (SSB) kjem jamleg med ei framskriving av befolkninga. For Vestre Slidre kommune er framskrivinga slik at innbyggjartal er relativt stabilt dei neste åra, men fordelinga mellom aldersgrupper syner at tal skulebarn går ned og tal eldre over 67 år går opp. Dei to siste år har kommunen eit høgare tal fødslar enn dei føregåande åra. Dei nemnde tilhøva får innverknad på rulleringa av handlings- og økonomiplan.

Vestre Slidre kommune må forvente auka etterspurnad etter pleie- og omsorgstenester dei neste åra. Vestre Slidre kommune må i planperioden tilpasse ressursbruken i skulen til det tal barn vi vil få framover. Det er svært positivt med høge fødselstal i 2023. Saman med tilflytting og flykntingtilstrøyming gjer dette til at kapasiteten i barnehagane må bli tilpassa. Svingingar i tal barnehagebarn utfordrar vår evne til å kontinuerleg tilpasse ressursbruken innan barnehagane.

Tal innbyggjarar er den viktigaste indikatoren når det gjeld overføring av midlar frå staten til kommunen. Kommunen må ha oversikt over utviklinga av tal innbyggjarar i dei ulike aldersklasser på kort og lang sikt, og planlegge eit føreseieleg og forsvarleg tenestetilbod ut frå dette.

Kommunen har gjennom nokre år styrt økonomi inn i mot stadig betre finansielle måltal. God økonomistyring har gjort det mogleg å bygge opp eit disposisjonsfond. Ved utgangen av 2023 enda disposisjonsfondet på vel 29 % av brutto driftsinntekter og utgjorde kroner 87 959 639. Oppbygginga har vore vurdert som naudsynt for å førebu seg på auka finansutgifter utover i økonomiplanperioden. Kommunen har nettopp gjennomført den største investeringa nokon sinne no når Vestre Slidre helsetun er opna. Vidare ligg det store utfordringar framover kommunen innan vatn- og avløp.

I handlings- og økonomiplanen er det store endringar i nokre av dei sentrale forholda som har verknad på økonomien. Auka lånegjeld og auka rente på den eine sida. Store svingingar i kraftinntekter og straumkostnad på den andre sida. Oppi dette er det forventningar om at verksemda tilpassar seg endringane i innbyggjarsamansetning og samstundes tek innover seg dei målsettingar som er sett av kommunestyret i kommuneplanen sin samfunnsdel og andre overordna kommunale planar.

Kostnadsnivået i kommunen si drift er for høgt i forhold til det forventa inntektsnivået framover. Kommunedirektøren gjer difor framlegg om ei rekke små og store tiltak som kan bidra til kostnader og inntekter gradvis skal kome i balanse.

Kommunen har tydelege myndigheitskrav om å ha budsjettbalanse å forhalda seg til. Av dei tre finansielle måltala er omfang på lånegjeld og netto driftsresultat noko kommunen må arbeide for å

betre. Det relativt store disposisjonsfondet gjer moglegheiter til å bruke noko tid til å arbeide med driftsresultat og gjeldsgrad.

I planperioden vil Vestre Slidre kommune budsjettere med eit negativt netto driftsresultat. Slik situasjonen ser ut no vil bruk av disposisjonsfond vere naudsynt for å balansere handlings- og økonomiplanen.

Handlings- og økonomiplanen for 2024-2027 har negativt netto driftsresultat gjennom heile perioden. For perioden 2025-2028 er det lagt inn målsetting om å kome i balanse ila perioden. Det er to forhold som gjer dette mogleg. Innsparingstiltak i heile organisasjonen er det eine. Ny inntektsmodell for kommunane gjer og ei auke i frie inntekter. Det er knytt ein grad av uvisse til nokre større poster. Omstilling av drifta, der reduksjon av kostnader er sentralt, vil difor vere ei hovudoppgåve for kommunen dei kommande åra.

Det er lagt inn mindre kraftinntekter i planperioden samanlikna med 2024. Etter retaksering er eigedomsskatteinntekten frå 2025 lagt inn med same nivå som ved innføringa fyrste gong i 2015. Det er som nemnd lagt inn små og store tiltak for å bidra til økonomisk balanse. Med ei vellukka omstilling vil disposisjonsfondet framleis ha ein tilfredsstillande storleik ved utgangen av planperioden.

Kommunen må ha fokus på god økonomistyring frametter. Omstillinga vil vere krevjande for både politisk og administrativ leiing og ikkje minst for dei tilsette i kommunen sine ulike verksemdar og tenestemåte. Det er likevel slik at kommunedirektøren meiner at handlings- og økonomiplanen legg opp til at innbyggjarane skal oppleve at tenestetilbodet er godt.

Planprosessen

Handlings- og økonomiplanen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument. Arbeidet med planen tek utgangspunkt i kommunen sine overordna planar. Det er eit særskild fokus på å få synleggjort ein raud tråd mellom dei overordna planane, særleg kommuneplanen sin samfunnsdel, og handlings- og økonomiplanen.

Kommunestyret har hatt eit eige dialogseminar i juni. Administrasjonen har gjeve bidrag frå sine ulike områder. Tillitsvalde og verneombod samt dei kommunale råda har vore informert om prosessen, utfordringsbiletet og vurderingane som er gjort. Dei kommunale råda har gjeve innspel tidleg i prosessen. Tillitsvalde, verneombod og kommunale råd får og moglegheit til å kome med innspel når formannskapet si innstilling blir lagt ut på høyring.


Følgande kjelder har vore nytta for å hente føresetnadar og føringar:

- Kommuneplanen – samfunnsdel og arealdel
- Kommunedelplanar
- Budsjett- og økonomiplan 2024-2027
- Årsrapport og årsrekneskap for 2023
- Tertialrapport for kommunen si drift for 2.tertial 2024
- Kommuneproposisjonen og regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2025
- Kommunestyrevedtak gjennom 2024 med føringar for kommande år.
- Folkehelseoversikt- Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar 2024


Demografi

Vestre Slidre kommune har hatt ein nedgang i tal innbyggjarar dei siste åra. Det ser ut til at talet vil stabilisere seg om ein legg SSB sitt hovedalternativ for framskriving av befolkning til grunn. I dette kapittelet er det nytta diagram frå KS sin demografimodell. Vi skal samstundes ta med oss det høge fødselstalet for 2023 som ein viktig føresetnad for planlegginga.

Tabellen nedanfor syner utvikling i folketal frå 2015 og fram til 2034.




Figuren nedafor syner prosentvis endring i i folketal for perioden 2015– 2034 fordelt på ulike aldersgrupper. Tal eldre vil auke medan tal barn i skulepliktig alder vil gå ned.





Nedgangen i aldersgruppa 6-15 år tilseier eit redusert utgiftsbehov innan tenesteområda som tener barn og unge i denne aldersgruppa. Auken i aldersgruppa 67 år og eldre tilseier et auka utgiftsbehov for tenesteområde helse og omsorg.



Diagrammet nedanfor syner endring i tal i dei eldste aldersgruppene. Diagrammet syner at veksten i hovudsak skjer i aldersgruppa eldre enn 80 år.




Endringane i befolkningsamansetning vil føre med seg endringar i kommunen sitt utgiftsbehov og inntekter. Utan auke i inntekter må utgiftsbehovet innan pleie og omsorg og barnehage bli finansiert med eit redusert utgiftsbehov i grunnskulen. Diagramma nedanfor syner prosentvise endringar i

kommunen sitt utgiftsbehov totalt, innan pleie og omsorg, grunnskule og barnehage i perioda 2024–2034.







Samla endring i planperioden 2025 -2028 er liten, men endringane på dei ulike områda er tydelege. Det vil vere naudsynt å gjere endringar mellom områda all den tid inntektene ikkje aukar for å kunne dekke opp behova innan helse og omsorg.

Demografimodellen er primært laga for å syne forventa utviklingstrekk for brutto utgiftsbehov framover. Når modellen blir nytta må ein vere varsam med å legge for stor vekt på utvikling i det einskilde år. Framskrivingane for einskild år vil vere usikre, men og svært følsame for avvik mellom framskriving og faktisk befolkningsutvikling.

Sjølv om det er usikkerheit for dei einskilde åra syner modellen at det vil vere behov for å gjere disponeringar mellom kommunen sine tenesteområde i tillegg til ein generell reduksjon av kostnader totalt. Utviklinga i demografi og eit bevisst forhold til ei forventa utvikling er viktig i kortsiktig og langsiktig planlegging av drift og investeringar.

Vestre Slidre kommune går inn i ei periode med høg gjeldsgrad. Dette legg rammer for kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Kommunen har vore gjennom ei periode med oppbygging av eit disposisjonsfond. Disposisjonsfondet vil ein vi gje tryggleik i ei tid med svingingar i store postar på budsjettet. Detter er postar som kommunen har lita styring på samstundes som det skal gjerast ei omstilling.

[FNs 17 berekraftsmål](#)

FN sine berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar, og m.a. bidra til å sikre sosial rettferd, god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar.

Kommunen prioriterer tiltak mot barnefattigdom, god helse, god utdanning, reint drikkevatt og fokus på klima med naturmangfaldet over og under vatn.

Vårt arbeid med samfunns- og arealplanar, samt kommunedelplanar, skal rette seg etter FNs berekraftsmål.



Økonomiske måltall

Vestre Slidre kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir teken vare på over tid. I dette ligg det å utarbeide samordna og realistiske planar for eigen verksemd, økonomi og for samfunnsutviklinga i kommunen. Forvaltning av finansielle middel og gjeld skal skje på ein måte som ikkje inneber vesentleg risiko, og som sikrar at kommunen kan gjere opp for seg til ein kvar tid.

Økonomireglementet fastset kommunen sine overordna økonomiske føresetnadar og fullmakter.

Formannskapet vedtok i sak 092/24 følgande finansielle måltal for planperioden 2025-2028:

- 1) Vestre Slidre vil for åra 2025-2028 akseptera eit negativt netto driftsresultat som vert dekt inn frå disposisjonsfondet. Netto driftsresultat skal vere i balanse igjen i 2027.
- 2) Vestre Slidre har som målsetting at disposisjonsfondet ikkje skal være mindre enn 10% av brutto driftsinntekter i planperioden 2025-2028.
- 3) Vestre Slidre har som målsetting at langsiktig gjeld ikkje skal overstige 130 % av brutto driftsinntekter i planperioden.

Netto driftsresultat

Budsjettet for 2025 viser eit netto driftsresultat på ca – 3,2 mill kr . Dette utgjør -0,99 % av brutto driftsinntekter.

	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Driftsinntekter						
1 Rammetilskudd	85 313 306	89 694 000	101 927 000	101 916 000	101 921 000	101 926 000
2 Inntekts- og formuesskatt	75 142 056	79 086 000	81 316 000	81 216 000	81 216 000	81 216 000
3 Eiendomsskatt	11 850 027	12 000 000	20 000 000	20 000 000	20 000 000	20 000 000
4 Andre skatteinntekter	2 431 380	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	27 222 127	28 816 901	28 870 549	28 870 549	28 870 549	28 870 549
6 Overføringer og tilskudd fra andre	41 595 142	34 350 378	29 980 802	29 980 802	29 980 802	29 980 802
7 Brukerbetalinger	8 409 878	7 336 735	6 985 000	6 985 000	6 985 000	6 985 000
8 Salgs- og leieinntekter	45 317 411	45 896 545	50 111 388	50 111 388	52 111 388	53 545 604
9 Sum driftsinntekter	297 281 326	298 930 559	320 940 739	320 829 739	322 834 739	324 273 955
Driftsutgifter						
10 Lønnsutgifter	152 344 663	163 646 305	168 796 584	168 733 584	168 804 584	168 733 584
11 Sosiale utgifter	26 092 244	36 057 632	33 116 374	36 305 938	36 310 418	36 305 938
12 Kjøp av varer og tjenester	93 427 849	86 822 283	91 828 172	88 231 172	86 234 172	84 423 172
13 Overføringer og tilskudd til andre	17 305 075	9 081 419	9 190 500	9 040 500	9 040 500	9 040 500
14 Avskrivninger	14 626 507	14 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000
15 Sum driftsutgifter	303 796 339	309 607 639	317 931 630	317 311 194	315 389 674	313 503 194
16 Brutto driftsresultat	-6 515 013	-10 677 080	3 009 109	3 518 545	7 445 065	10 770 761
Finansinntekter						
17 Renteinntekter	7 400 683	7 207 198	7 587 100	7 587 100	7 587 100	7 587 100
18 Utbytter	5 124 718	2 300 000	2 300 000	2 300 000	2 300 000	2 300 000
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
20 Renteutgifter	16 179 211	18 395 615	16 391 603	15 121 876	16 332 197	15 911 191
21 Avdrag på lån	13 436 039	13 541 178	14 667 645	15 257 605	16 650 438	17 346 438
22 Netto finansutgifter	-17 089 850	-22 429 595	-21 172 148	-20 492 381	-23 095 535	-23 370 529
23 Motpost avskrivninger	14 626 507	14 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000
24 Netto driftsresultat	-8 978 355	-19 106 675	-3 163 039	-1 973 836	-650 470	2 400 232
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
25 Overføring til investering	733 860	23 879 415	2 875 000	675 000	675 000	675 000
26 Avsetninger til bundne driftsfond	2 941 911	956 575	777 824	777 824	777 824	777 824
27 Bruk av bundne driftsfond	-3 836 197	-1 448 994	-2 213 524	-2 113 524	-2 113 524	-2 113 524
28 Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	0	0	10 230	3 060 932
29 Bruk av disposisjonsfond	-8 817 929	-42 493 671	-4 602 339	-1 313 136		0
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
31 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	-8 978 355	-19 106 675	-3 163 039	-1 973 836	-650 470	2 400 232
32 Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0	0

Vestre Slidre har hatt som målsetjing at netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter. Kommunen hadde eit negativ netto driftsresultat i 2023 og prognosane tilseier at det vert eit negativt resultat i 2024 også. I åra som kjem vil finanskostnadene framleis vera høge som ein konsekvensa av høg gjeld og auka låneopptak i perioden.

	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Driftsinntekter	297 281 326	298 930 559	320 940 739	320 829 739	322 834 739	324 273 955
Netto driftsresultat	-8 978 355	-19 106 675	-3 163 039	-1 973 836	-650 470	2 400 232
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene	-3,02 %	-6,39 %	-0,99 %	-0,62 %	-0,20 %	0,74 %

Disposisjonsfondet.

Vestre Slidre kommune har eit ganske solid disposisjonsfond, men meirforbruket i 2023 og det forventta meirforbruket i 2024 tærer på dei oppsparte midlane til kommunen. Disposisjonsfondet var ved utgangen av 2023 på ca 87 mill. kr. Dette er før disponering av eventuelt meirforbruk for 2024.

Vestre Slidre si målsetjing er at disposisjonsfondet skal utgjere minst 10% av brutto driftsinntekter. Ved inngangen av 2024 var disposisjonsfondet på 87 mill kroner, Dette er ca 30 % av brutto driftsinntekter. I 2024 er det budsjettert med bruk av disposisjonsfond på 42,5 mill. kroner. Dersom dette vert det endelege resultatet så er disposisjonsfondet redusert til 15 % av brutto driftsinntekter.

	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Disposisjonsfond	87 959 639	45 465 968	40 863 629	39 550 493	39 560 723	42 621 655
Disposisjonsfond i % av inntektene	29,59 %	15,21 %	12,73 %	12,33 %	12,25 %	13,14 %

Lånegjeld.

Investeringsane i 2025 vert i hovudsak finansiert med lån og mva- kompensasjon.

Det er sett på som ei god økonomisk målsetjing at total låneramme ikkje skal overstige 75 % av årlege driftsinntekter. Ved utgangen av 2023 var dette målalet 97 %. Utover i perioden så svingar den noko, men den er klart aukane i slutten av perioden. Delar av gjelda er knytta til sjølvkostområdet som tilseier at renter og avdrag skal dekkast av abonnentane, men det er likevel viktig å merke seg at det er kommunen som er ansvarleg for gjelda. Tabellen under viser utvikling i lånegjeld for perioden 2023 til 2028.

	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Langsiktig lånegjeld pr. 31.12	287 131 303	306 708 125	321 899 280	348 996 342	375 780 404	405 884 466
Brutto driftsinntekter	297 281 326	298 930 559	320 940 739	320 829 739	322 834 739	324 273 955
I prosent av brutto driftsinntekter	97 %	103 %	100 %	109 %	116 %	125 %

Handlingsplan – økonomiplan 2025-2028

Handlings- og økonomiplan for 2025-2028 syner hovudtrekk og rammer for planlagt verksemd i Vestre Slidre kommune for dei komande fire åra. Handlingsplanen syner plangrunnlag og kommunestyret sine prioriteringar av aktivitetar og tiltak. Økonomiplanen syner dei økonomiske rammene for den same fireårsperioden delt på investeringar og drift med detaljert budsjett for det fyrste året i planperioden (2024).

Handlingsplan 2025-2028

Handlingsplanen baserer seg på:

- Mål og strategiar som står i kommuneplanen, kommunedelplanar og andre overordna kommunale planar.
- Føringar for tenesteproduksjonen, myndigheitsforvaltninga og samfunnsutviklinga som finns i form av einskildvedtak i kommunen sine styrande organ, i lovar og forskrifter, som ikkje er omtalt i kommunale planar.
- Økonomiske prognoser for planperioden

Handlingsplanen er bygd etter dei ulike områda som er beskrive i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Hovudområda i samfunnsdelen er:

- Viktige samfunnsområde
 - Oppvekst
 - Helse og omsorg
 - Drivkrefter for vekst og utvikling
 - Bustad og tettstadsutvikling
 - Næringsutvikling og sysselsetting
 - Hytteutvikling
 - Regional samarbeid
- Gjennomgåande tema
 - Klima, energi og miljø
 - Inkludering
 - Samfunnstryggleik og beredskap

Målbilete 2028

Dei økonomiske rammene ser for perioden ut til å bli trongare enn dei har vore dei siste åra. Basert på prognosar administrasjonen legg til grunn vil det bli naudsynt å redusere kostnader med ca 11% frå 2025 og fram til 2028. Tala vil for kommunen si drift utanom dei interkommunale samarbeida sjå slik ut:

	2024	Reduksjon rammer 11 %	2028
TOTALT	174 000 874	19 140 096	154 860 778


Fordelt på tenestekområda blir ein reduksjon i rammene på 11 % sjåande slik ut:

	2024	11 %	2028
Stab og støtte	12 676 403	1 394 404	11 281 999
Oppvekst	56 875 666	6 256 323	50 619 343
Helse og omsorg	81 279 829	8 940 781	72 339 048
Kommunaltekniske tenester	6 152 874	676 816	5 476 058
Veg	3 375 316	371 285	3 004 031
Kommunale bygg	13 640 786	1 500 486	12 140 300

Til grunn for arbeidet med tilpassing er det lagt til grunn relativt enkle prinsipp:

- Mål om balanse er sett til innan utløpet av planperioden, altså i 2028.
- Jo meir vi klarer å ta ned av kostnader ev auke inntekter tidleg jo mindre blir det att å spare inn seinare i perioden.
- Innsparingstiltak som berre medfører kortsiktig innsparing og som sannsynleg medfører auka kostnader på sikt skal i utgangspunktet ikkje bli sett i verk.
- Ved reduksjon av stillingar er det prinsippet om naturleg avgang som gjeld.

Det har vore viktig å halde eit sterkt fokus på kvalitet på tenester sjølv om dei økonomiske rammene blir mindre. Dei ulike tenestekområda har difor vorte utfordra på å sette mål for kor tenestene skal vere i 2028 gitt dei økonomiske rammene. Mål for 2028 vil vere utgangspunktet for arbeidet med å finne eigna tiltak og strategiar.



Overordna målsettingar fram i mot 2028

- Oppretthalde kvalitet og forsvarlege brukartilbod innafor prinsippet godt nok
- Rett, tilstrekkeleg og tilgjengeleg fagkompetanse
- Utnytte teknologi både i brukartilbod og administrative prosessar
- Sjukefråvær under landsgjennomsnittet
- Gode medverknadsprosessar
- Ferdig utgreidd og valgt struktur på framtidig barnehageartilbod

Helse og oppvekst

Overordna målsetting: Sikre gode oppvekst og levevilkår for innbyggjarane i kommunen

1. Vestre Slidre kommune skal prioriterer førebygging gjennom heile livsløpet
2. Vestre Slidre kommune skal sikre aktivitetar i alle aldrar, som gjev innbyggjarane tilknytning til kommunen
3. Vestre Slidre kommune skal sikre god nok kvalitet på tenestene og samanheng i dei kommunale tenestene
4. Vestre Slidre kommune skal nytte teknologi i innovasjon i tenesteytinga
5. I Vestre Slidre kommune skal vi sikre samarbeid mellom tenesteytar, tenestemottakar og føresett/ pårørande slik at god brukarinvolvering skjer
6. I Vestre Slidre kommune skal prioritere vidareutvikling av tverrtenesteleg og tverrfagleg samhandling
7. I Vestre Slidre kommune skal vi sikre rett og nok kompetanse i tenestene
8. I Vestre Slidre kommune ynskjer vi å behalde og vidareutvikle tilsett

Plan, teknisk, miljø og samfunnsutvikling

Overordna målsetting: Sikre gode tenester og leggje til rette for utvikling av kommunale eigedom, bustadar og VA-system

1. Vestre Slidre kommune skal leggje til rette for auka og differensiert bustadmasse i kommunen
2. Vestre Slidre kommune skal halde tidsfristar på lovpålagte oppgåver og kontrollar
3. Vestre Slidre kommune skal vere ein pådrivar i regionalt samarbeid
4. Vestre Slidre kommune skal nytte teknologi for å effektivisere
5. Vestre Slidre kommune skal redusere energiforbruk i kommunale bygg

I tabellane nedanfor er det lista forslag til tiltak som inneber reduksjon av kostnadar og tiltak som medfører auka kostnadar.

Det er openbart etter arbeidet som er lagt ned med budsjettet i haust at for å kome i mål til 2028 vil organisasjonen bli utfordra på kraftfulle tiltak som vil krevje tid for å få gjennomført. Tiltaka vil og kunne medføre reduksjon av både omfang og kvalitet på tenester.

Tiltak som gjer kostnadsauke og tiltak som gjer innsparing

Krav til budsjettbalanse er absolutt, dette gjelder for hele økonomiplanperioden. Kravet inneber prioritering av tiltak. Kva for tiltak som skal bli gjennomført på kva for tidspunkt er ei politisk prioritering. Oversikt over tiltak som medfører kostnadsauke og innsparing er lagt ved i vedlegg til dette dokumentet.

Omtale av innsparingstiltaka og konsekvensar

Stab

I forslaget ligg det at stillinga HR-sjef blir ståande ledig. Dette gjer ei innsparing på kr 1 000 000. Personalansvar for løn, personal, service blir tillagt kommunedirektør. Øvrige oppgåver knytt til stillinga blir fordelt på kommunedirektør, øvrige leiarar og ved behov innleie av kompetanse. Tiltaket vil og medføre redusert aktivitet særleg på utvikling innan HR-området.

Helse og oppvekst

I forslaget ligg det generelle drifts tilpassingar, med nedjustering i postar som ikkje vil ha direkte påverking på tenesteytinga.

I psykisk helse reduserast midlertidig med 0,4 årsverk. Vi har ei 100% prosjektstilling finansiert av prosjektmidlar i 2025, slik at tenesteproduksjonen blir oppretthaldt.

I heimetenesta reduserast midlertidig 0,4 årsverk. Digitale løysingar, endra arbeidsmåtar gjev moglegheit for prøve ut ein reduksjon i 2025.

Det er i andre halvdel av 2024 er det prøvd ut å nytte drosje til køyring av pasientar til dagsenter for personar med kognitiv svikt. Fleire av dagens brukarar bor nær tilbodet, dette gjev pr no lite utgifter til drosje. Ved auka omfang, og større avstandar bør kjøp av eige transportmiddel vurderast på ny.

Slidre skule tilpassar drifta og reduserer midlertidig 1 årsverk frå mars og ut 2025. Tilpassinga gjev ein moglegheit til å sjå effekt av nedtaket, og vidare vurdering av nedtak seinare i planperioden.

Kultur og frivilligheit søker på mange eksterne midlar, føreslått nedtak vil i liten grad påverke drifta.

Individuelle tilrettelagte tenester nytte eksisterande bemanning i tenesta på dagtilbodet. Avsette midlar er difor foreslått fjerna. Tilpassing av turnus sett opp mot behov pr no i tenesta gjev reduksjon på 1 årsverk.

Helsetunet har hatt drift i eitt år, ein ser her ein moglegheit til å redusere med 1 årsverk, utan at det vil påverke tenesteytinga. Det er i turnusomlegginga gjort endringar i oppgåvefordeling slik at det reduserast med 0,8 årsverk til. Konsekvensen kan bli auka overtid ved sjukdom, men omstilling og samdrift med heimetenesta har vist at det er tru på at nedtaket vil fungere. Kjøkkenet har kome godt i gang i nye lokalar, og kan redusere med 0,4 årsverk utan å redusere si tenesteyting.

Plan, teknisk, miljø og samfunnsutvikling

Inna området forvaltning er det forslag om å innføre gebyr til eigarar av spreidd avløpsanlegg. Gebyret skal dekke kostnader knytt til tilsyn og oppfølging av spreidd avløpsanlegg. Arbeidet og oppgåver på dette området har så langt vore dekt av kommunen sitt ordinære driftsbudsjett.

Tilskot løypekøyring er foreslått redusert ned til tidlegare nivå på totalt kr 280 000.

Inna områda eigedom og forvaltning, drift og vedlikehald er det grunna forventa lågare straumpris redusert kostnad på straum. Postane ekstrahjelp og konsulenttenester er redusert. Reduksjonen kan medføre lågare aktivitetsnivå på m.a. vedlikehald.

Driftsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028

	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Bevilgningsoversikt						
1 Rammetilskudd	85 313 306	89 694 000	101 927 000	101 916 000	101 921 000	101 926 000
2 Inntekts- og formueskatt	75 142 056	79 086 000	82 316 000	82 216 000	82 216 000	82 216 000
3 Eiendomsskatt	11 850 027	12 000 000	20 000 000	20 000 000	20 000 000	20 000 000
4 Andre generelle driftsinntekter	24 529 677	30 805 000	23 110 000	23 110 000	23 110 000	23 110 000
5 Sum generelle driftsinntekter	196 835 066	211 585 000	227 353 000	227 242 000	227 247 000	227 252 000
6 Sum bevilgninger drift, netto	188 723 571	208 262 080	209 343 891	208 723 455	204 801 935	201 481 239
7 Avskrivninger	14 626 507	14 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000
8 Sum netto driftsutgifter	203 350 078	222 262 080	224 343 891	223 723 455	219 801 935	216 481 239
9 Brutto driftsresultat	-6 515 012	-10 677 080	3 009 109	3 518 545	7 445 065	10 770 761
10 Renteinntekter	7 400 683	7 207 198	7 587 100	7 587 100	7 587 100	7 587 100
11 Utbytter	5 124 718	2 300 000	2 300 000	2 300 000	2 300 000	2 300 000
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
13 Renteutgifter	16 179 211	18 395 615	16 391 603	15 121 876	16 332 197	15 911 191
14 Avdrag på lån	13 436 039	13 541 178	14 667 645	15 257 605	16 650 438	17 346 438
15 Netto finansutgifter	-17 089 850	-22 429 595	-21 172 148	-20 492 381	-23 095 535	-23 370 529
16 Motpost avskrivninger	14 626 507	14 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000
17 Netto driftsresultat	-8 978 355	-19 106 675	-3 163 039	-1 973 836	-650 470	2 400 232
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
18 Overføring til investering	733 860	23 879 415	2 875 000	675 000	675 000	675 000
19 Avsetninger til bundne driftsfond	2 941 911	956 575	777 824	777 824	777 824	777 824
20 Bruk av bundne driftsfond	-3 836 197	-1 448 994	-2 213 524	-2 113 524	-2 113 524	-2 113 524
21 Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	0	0	10 230	3 060 932
22 Bruk av disposisjonsfond	-8 817 929	-42 493 671	-4 602 339	-1 313 136	0	0
23 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
24 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	-8 978 355	-19 106 675	-3 163 039	-1 973 836	-650 470	2 400 232
25 Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0	0

Inntektene i planperioden.

Statsbudsjettet legg rammene for størrelsen på skatteinntektene og rammetilskot. Det overordna målet med inntektssystemet er at alle kommunar skal vere i stand til å gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. Det er store demografiske og geografiske skilnader i dei norske kommunane, og utgiftsutjamninga i inntektssystemet er meint å kompensere for ufrivillige kostnadsskilnader i tenesteproduksjonen i den enkelte kommune. Vestre Slidre kommune er ein av dei kommunane som kom best ut av endringa i inntektssystemet. Utgiftsutgjevinga var i 2024 på 11,81% mens den i 2025 er på 15,50%.

Skatteinntektene består av 2 komponentar naturressursskatt og personinntektsskatt.

Naturressursskatten er ein flat skatt som vert rekna ut etter gjennomsnittet i produserte kWh i kraftanlegga dei siste 7 åra, og er derfor påverka av andre forhold. Nominell personinntektsskatt vert regulert i takt med inntektsutviklinga i landet. Den er også påverka av kva skatteøre som vert lagt til kommunane, i 2025 er det 12,75%. Veksten i skatteinntektene for kommunen må reknast å verta noko mindre enn landet elles som følgje av at naturressursskatten er ein flat skatt. Skatteinntektene for 2024 er budsjettert med kr 82 316 000.

Rammetilskotet til kommunen er påverka av to ting, småkommunetillegget og inntektsutjamninga. Vestre Slidre Kommune er ein liten kommune med færre innbyggjarar enn 3200. Det er dette som

gjer til at kommunen får eit småkommunetillegg på kr 6 794 000. Rammetilskotet for 2025 er budsjettert til kr 101 927 000.

For perioden 2025 til 2028 har administrasjonen lagt til grunn inntektsprognosane som KS har utarbeid.

Eigedomsskatt

Kommunestyret i Vestre Slidre har bestemt at det skal skrivast ut eigedomsskatt etter § 3a i eigedomsskattelova: faste eigedomar i heile kommunen. I skrivande stund har me ikkje motteke formuesverdien på kraftanlegga frå sentralskattekontoret for storbedrifter, men slik det ser ut så går desse inntektene noko opp i 2025. I tillegg så gjer retakseringa av alle eigedommane seg gjeldande frå 2025. Dermed er dei budsjetterte eigedomsskatteinntektene for 2025 på kr 20 000 000.

Kraftinntekter

Vestre Slidre nyt godt av å vere ei kraftkommune. Kommunen har inntekt frå sal av konsesjons- og andelskraft frå bl.a. Lomen/Fasle og Åbjøra kraftstasjonar, m.fl. Omsetning av vår konsesjons- og andelskraft vert handtert av Valdres Energi/Markedskraft. I medhald til kommunestyrevedtaket som var gjort i haust er inntektene frå sal av kraft sett til kr 7 500 000.

I tillegg til omsetning av kraft, mottek kommunen sin andel av konsesjonsavgifter, utrekna av NVE.


Konsesjonsavgift er ei årleg avgift som eigar av kraftverka er pliktige til å betale til kommunar som er berørte av ei regulering eller utbygging av kraftverk.

Inntekter frå konsesjonsavgifta er kommunen pliktige til å nytta til næringsutvikling slik at denne inntekta vert overført til kommunen sitt kraftfond.

Andre inntekter

Andre inntekter består i hovudsak av eigenbetaling for tenester, kommunale gebyr, leigeinntekter, refusjon av sjukepengar, refusjon frå andre kommunar og statlege overføringer.

Driftskostnader



Lønnskostnader

Lønnskostnadane inkl. dei sosiale kostnadane utgjer ca 63 prosent av driftskostnadene til kommunen. Dei budsjetterte lønnskostnadane aukar med ca kr 5 mill frå 2024 til 2025. Lønnsoppgjeret for 2024 var på 5,2 %, dette utgjer kr 8,5 mill av løna for 2024. Slik dette framstår er det reduksjon i lønnskostnadane og dermed ein reduksjon i tal årsverk. For å møte lønsauken i 2025 er det sett av kr 2 000 000.

Andre driftskostnader

«Kjøp av varer og tenester» inkluderer kommunens ordinære driftsutgifter som straum, forbruksmateriell, forsikring, drift av transportmiddel, i tillegg kjem vedlikhald av kommunale bygg og vegar, m.m. Kjøp frå interkommunale selskap og interkommunale samarbeid inkludert her. Dette gjeld b.a. kostnader til VLMS, felles lækjarvakt, jordmor, PPT-tenesta, NAV, IKT Valdres og Valdres Brann- og redningsteneste. Budsjetterte kostnader er basert på tilsendt budsjett frå dei interkommunale selskapa eller frå vertskommunen.

Finans

Finansinntekter består i hovudsak av bankrenter, renter på utlån og utbytte frå aksjepostar. Rentenivået er forventa å vera på same nivå i 2025 som i 2024, finansinntektene er budsjettert til kr 9 900 000. Inkludert i dette beløper ligg også dei kalkulatoriske rentene som kjem frå Vatn og avløpsområde.

Finansutgiftene består av renteutgifter og avdrag. For renteutgiftene har administrasjonen nytta kommunalbanken sine stipulerte budsjettrenter. Vidare så ligg nedbetalingstida på låna for det meste på 20 år, men frå 2020 har kommunen nytta nedbetalingstid på 30 år, i slutten av økonomiplanperioden er det nytta ei nedbetalingstid på 40 år. Avdrag og rente på lån utgjer ein kostnad på kr 27,7 mill kroner i 2025.

	2025	2026	2027	2028
Betalte avdrag i året	14 667 645	15 562 938	16 782 438	17 395 938
Rentekostnader	13 039 503	12 121 062	13 121 849	12 565 029
Finanskostnader	27 707 148	27 684 000	29 904 287	29 960 967

Interkommunale samarbeid

Tenester	Selskapsform	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Endring i %
Valdres-GIS	§ 27	kr 340 000,00	kr 340 000,00	0,00 %
Innkjøp og Forsikringsordningen for kommunene i Valdres	§ 27	kr 120 000,00	kr 239 922,00	99,94 %
Valdres natur- og kulturpark		kr 750 000,00	kr 750 000,00	0,00 %
PP-teneste	Kap. 20	kr 1 250 000,00	kr 1 320 000,00	5,60 %
VLMS Bygg	Kap. 20	kr 635 000,00	kr 562 000,00	-11,50 %
Jordmor	Kap. 20	kr 413 000,00	kr 458 000,00	10,90 %
Valdres legevakt	Kap. 20	kr 3 185 000,00	kr 3 406 000,00	6,94 %
Intermediær	Kap. 20	kr 2 510 000,00	kr 2 696 000,00	7,41 %
NAV Valdres	Kap. 20	kr 3 943 000,00	kr 3 971 000,00	0,71 %
Rusmiddelarbeid/FACT	Kap. 20	kr 182 000,00	kr 386 000,00	112,09 %
Krisesenteret i Hønefoss	Kap. 20	kr 220 000,00	kr 236 490,00	7,50 %
Felles Barnevernvakt	Kap. 20	kr 150 000,00	kr 150 000,00	0,00 %
Alarmsentral 110	Kap. 20	kr 212 000,00	kr 230 000,00	8,49 %
Valdresmusea AS	AS			
Valdres Energiverk AS	AS			
Valdres Arbeidssenter AS	AS			
Innlandet Energi Holding AS	AS			
Valdreslab AS	AS			
Valdres Næringshage AS	AS			
Valdres kommunale Renovasjon IKS	IKS	Sjølvkost	Sjølvkost	
IKT Valdres IKS	IKS	kr 6 090 000,00	kr 7 188 000,00	18,03 %
Kommunerevisjon IKS/Innlandet Revisjon	IKS	kr 715 000,00	kr 955 000,00	33,57 %
Valdres Brann- og redningstjeneste IKS	IKS	kr 5 639 000,00	kr 5 378 000,00	-4,63 %
Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep (SMISO)	IKS			

Tabellen syner at kommunen deltek i fleire omfattande interkommunale samarbeid.

Kommunedirektør ynskjer å knyte nokre kommentarar til desse tenestene:

Innkjøpssamarbeidet

Valdreskommunane har fått tilskot frå Miljødirektoratet til ein klima/innkjøpsrådgjevar mot at kommunane dekker 50 % av kostnadane sjølve. Vestre Slidre kommune sin del av dette er kr 119 922.

NAV Valdres

Inga endring i tenestetilbodet. Ei midlertidig stilling knytt til flyktningesituasjonen.

PPT

Ingen endring i stillinger.

VLMS

Dei regionale tenestene på VLMS blir vidareført på dagens nivå.

IKT Valdres IKS

IKT Valdres har budsjettert med ein høgare refusjonssats for 2025 samanlikna med 2024. Nokre kostnadar er teke over frå investering til drift. Dette reduserer kostnadane på drift seinare.

Innlandet Revisjon IKS

Det er kontrollutvalet som bestiller desse tenestene, og kommunedirektør legg inn det budsjettalet som kontrollutvalet har gjort vedtak om.

FACT

Auken er forklart gjennom at FACT går frå prosjektfinansiering med tilskot over til drift.

Bevilling investering – prosjekt

	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Bevilgningsoversikt - investering						
1 Investeringer i varige driftsmidler	74 030 281	80 868 029	35 436 000	43 200 000	49 700 000	48 000 000
2 Tilskudd til andres investeringer	442 278	0	0	0	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	634 055	675 000	675 000	675 000	675 000	675 000
4 Utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter	75 106 614	81 543 029	36 111 000	43 875 000	50 375 000	48 675 000
7 Kompensasjon for merverdiavgift	11 412 611	7 777 757	3 377 200	540 000	800 000	500 000
8 Tilskudd fra andre	52 452 097	0	0	0	0	0
9 Salg av varige driftsmidler	460 000	0	0	0	0	0
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	17 675	0	0	0	0	0
13 Bruk av lån	10 230 614	48 238 357	29 858 800	42 660 000	48 900 000	47 500 000
14 Sum investeringsinntekter	74 572 998	56 016 114	33 236 000	43 200 000	49 700 000	48 000 000
15 Videreutlån	0	6 000 000	0	0	0	0
16 Bruk av lån til videreutlån	0	6 000 000	0	0	0	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	200 244	0	0	0	0	0
18 Mottatte avdrag på videreutlån	-420 303	0	0	0	0	0
19 Netto utgifter videreutlån	-220 059	0	0	0	0	0
20 Overføring fra drift	-733 860	-25 526 915	-2 875 000	-675 000	-675 000	-675 000
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	420 303	0	0	0	0	0
22 Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	0	0	0	0	0	0
24 Bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0	0	0
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-313 557	-25 526 915	-2 875 000	-675 000	-675 000	-675 000
27 Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0	0

I Handlings- og økonomiplanen for 2025-2028 er det planlagt investeringar i varige driftsmidlar slik tabellen nedanfor syner. Kommunen si lånegjeld er høgare enn det anbefalte i modellen for kommunal økonomisk berekraft. Det er difor naudsynt å legge nivået på investeringar framover slik at kommunen kan arbeide seg i retning av anbefalt storleik på lånegjeld. Tiltak merka med «VA», syner prosjekt som er knytt til sjølvkostområdet.

Investeringsbudsjett 2025-2028 mva (VA- inv. er uten mva)	Inkl.	Prosjekt	Budsjett 2024	Gjenstår pr 4.11.2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
Vatn og avløp Fossheimsfeltet	VA	281	1 255 608	974 193				
Utviding Vaset vassverk	VA	284	8 991 450	8 821 208	10 000 000	40 000 000		
Høyset (ledning X-T) inkl. pumpestasjon	VA	287	4 352 186	4 140 170				
Bassengutvidelse Gomobu HB	VA	343	900 000	900 000				
Høyset del 3	VA	345	3 733 769	2 333 769				
Vaset RA	VA	346	10 984 535	10 468 705	1 000 000		45 000 000	45 000 000
Hovedplan Vatn	VA	347	50 000	-171 631				
Hovedplan Avløp	VA	348	50 000	-395 085				
Rehabilitering Kjeldelie høgdebasseng	VA	349	2 891 362	2 120 406	4 500 000			
B-trase Brakastølen	VA	364	1 484 420	1 484 420				
Nytt pumpehus Røn Byggefelt	VA	382	300 000	300 000	200 000			
Biler VVA	VA	383	300 000	138 769	150 000		200 000	
Vestre Slidre RA	VA	384	100 000	100 000				
Utviding VA øvre Tvenge p- plass- helsetun-basishall	VA	397			2 000 000			
Lekkasjesøk	VA	385	200 000	200 000	200 000			
Røn RA	VA	398			500 000	500 000	500 000	500 000
Sum VA			35 593 330	31 414 924	18 550 000	40 500 000	45 700 000	45 500 000
Digitalisering av eiendomsarkivet i Valdres		350	1 500 000	1 384 542				
Helsetun		315	6 221 173	511 174				
Brannsikring Slidredomen		324		-293 538	200 000			
Parkering Lomen kyrkje og stavkyrkje		387	500 000	318 525				
Heis på U-steget - Vestre Slidre skule		354	1 250 000	1 250 000				
Oppgradering skulekjøkken		358	1 200 000	-301 284				
Oppgradering kommunale bygg		355	900 000	95 359			1 000 000	1 000 000
Oppgradering komm.vegar Brekkudn		356	750 000	166 996				
Sentrumstiltak Slidrevegen		357	1 081 808	460 808	1 000 000			
Utvikling av Prestgardshavnin		359	4 653 303	4 653 303				
Prestgardshavnin kjøp/tilrettelegging/infrastruktur		388	3 000 000	3 000 000				
Kommunale bilar Helse		361	500 000	14 000			500 000	500 000
Oppgradering kommunale vegar		363	2 000 000	1 938 828	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Utstyr Helsetun		365		-893 750				
Basishall		381	10 000 000	9 947 573	10 000 000			
Oppgradering Slidre Barnehage		394	200 000	2 791	1 000 000			
ENØK SD- varmestyring		390	500 000	-669 140				
Lomen industriområde		392	300 000	-441 539				
Utviding Barnehage modulbarnehage		393	9 285 250	2 038 135				
Vedmaskin		557	281 500	56 500				
P-plass helsetun		399				1 000 000		
Varmepumpe kulturhus med svømmebasseng		400					1 500 000	
Tak kulturhus		401			400 000			
Totlatrenovering leilighet oppe sør Utsyn		402				500 000		
Varmepumpe og lavtemp vannbåren varme bankbygg		403			1 200 000			
Forprosjekt rehabilitering skule/kulturhus		404				200 000		
Forprosjekt rehabilitering gamle sjukeheim		405			200 000	0	0	
Utstyr til veg		406			300 000			
Forprosjekt Barnehage		407			500 000			
Installere varmestyring kyrkjene VSK		408			116 000			
Montere gitter på rørvnene i kyrkjene		409			270 000			
Golv Røn brannstasjon		410			700 000			
Røn brannstasjon		562	2 239 415	2 239 415				
Investering i aksjer (Eigenkapital KLP)		800	675 000		675 000	675 000	675 000	675 000
Sum investeringar			82 630 779	56 893 622	36 111 000	43 875 000	50 375 000	48 675 000

Utviding Vaset vassverk

Noverande anlegg på Vaset har ikkje kapasitet til ei auke i tilknyttingar. På dagar med stor aktivitet i Vasetområdet er vassproduksjonen no brukt fullt ut. Kapasiteten på vassproduksjonen må aukast.

Vaset RA

Noverande anlegg har ikkje kapasitet til den planlagde utbygginga i området. Anlegget må auke sin kapasitet.

Rehabilitering av høgdebasseng Kjeldelie

Høgdebassenget har behov for rehabilitering for å sikre kvalitet på vasslevering. Anbudsrunde er køyrt og arbeid blir sett i gang hausten 2024.

B-trase Brakastølen

Vidareføre arbeid med B-trase som vil ha potensial til 6-7 tilknyttingar av eksisterande hytter

Nytt pumpehus Røn Byggefelt

Huset er modent for oppgradering/utskifting.

Bilar VVA

Utskifting av ein bil.

Utviding av VA mellom Øvre Tvenge og P-plass helsetun

Det er behov for auke i kapasitet på leidningsnett frå Øvre Tvenge ned til P-plass på helsetunet m.a. for å førebu behov for VA til basishall.

Lekkasjesøk

Vi har god kompetanse på lekkasjesøk og har behov for å finne det som er mogleg å finne av lekkasjar for å sikre tilstrekkeleg tilførsel av vann til innbyggjarane. Vi treng noko utstyr for å kunne utnytte den kompetansen vi har på best mogleg måte.

Røn RA

Anlegget er gammalt og det må påreknast ein del årlege oppgraderingar i tida fram til eit nytt anlegg er realisert.

Brannsikring Slidredomen

Det står att litt arbeid på dette prosjektet før det er å rekne som ferdig.

Parkering Lomen kyrkje og stavkyrkje

Arbeidet ved Lomen kyrkje er avslutta mens arbeidet ved Lomen stavkyrkje er i slutfasen inn i mot jul 2024. Fakturaer for sluttarbeidet kan påreknast motteke fyrst i 2025.

Trappeheis på U-steget - Vestre Slidre skule

Heis er naudsynt å få på plass for at lokalane til ungdomssteget skal vere universelt utforma.

P-plass helsetun

P-plassen for tilsette og besøkande på helsetunet treng ei oppgradering og oppstramming samt noko lys.

Varmepumpe kulturhus og symjebasseng

Pelletsovnene fungerer ikkje optimalt og det er krevjande å få levert pellets. Borehull og varmpumpe blir vurdert til å vere ei rett løysing framover.

Tak kulturhuset

Taket på kulturhuset har behov for oppgradering. Takvindauge er planlagt fjerna for å hindre varmetap.

Leiligheit utsyn

Totalrenoivering av ei leilegheit på Utsyn

Varmepumpe og lavtemp vannbåren varme i bankbygg

Varmepumpe i bankbygget er sett ut av drift og midlertidig erstatta med straumoppvarming. Ny varmpumpe er tenkt å erstatte den som er stoppa. Varmepumpa vil bli plassert slik at den ikkje gjer støy inne i bygget.

Oppgradering av kommunal bygg

Det er avsett midlar til framtidige oppgraderingar på kommunale bygg. Tiltak vil bli konkretisert i seinare handlings- og økonomiplanar.

Prestegardshavnin bustadområde

Midlar er avsett til kjøp av grunn samt arbeid med infrastruktur.

Kommunale bilar - helse

Det er sett av midlar til utskifting av bilar mot slutten av planperioden.

Kommunale vegar

Det er sett av midlar til oppgradering av kommunale vegar kvart år i planperioden.

Oppgradering Slidre barnehage

Midlar avsett til naudsynte oppgradering av Slidre barnehage

Forprosjekt barnehagestruktur

Utgreiing av framtidig barnehagestruktur for kommunen

Forprosjekt rehabilitering skule/kulturhus

Utgreiing for å avdekke framtidige rehabiliteringsbehov for skule og kulturhus.

Forprosjekt og rehabilitering av gamle sjukeheim

Det er avsett midlar til forprosjekt og rehabilitering av gamle sjukeheimen. Forprosjekt vil avklare behov for midlar til ombygging til framtidig bruk.

Røn brannstasjon

Kommunen har teke over att eigarskap til brannstasjonen i Røn. Det låg til grunn oppgradering av golv i saken der eigarskap vart overført til kommunen.

Utstyr til veg

Kantslåttutstyr til bruk på kommunal traktor kan gjere oss i stand til å ta kantslått med eigne tilsette.

Investering i aksjer (Eigenkapital KLP)

KLP forvaltar pensjonsmidlane til kommunen, i samband med dette så er det ein årleg auke i kommunen sitt innskot til eigenkapital.

Oversikt over gjeld og andre vesentlige forpliktelser

Kommunalbanken	Gjeld pr. 01.01.2024
Lån 20030900	-
Lån 20060656	199 500
Lån 20070621	2 170 000
Lån 20140773	4 397 600
Lån 20140782	25 002 350
Lån 20150762	7 797 480
Lån 20180614	6 000 000
Lån 20190679	7 366 640
Lån nr 20220247	99 798 660
Lån nr 20230529	6 480 000
Sum kommunalbanken	159 212 230
KLP	
Lån 8317.50.44151	17 293 620
Lån 8317.51.86924	207 500
Lån 8317.52.84020	6 120 458
Lån 8317.53.21376	4 990 358
Lån 8317.54.34944	12 558 000
Lån KLP 8317.57.72025	31 499 996
Lån KLP 8317.59.14938	52 596 136
Sum KLP	125 266 068
Totalt	284 478 298
Husbanken	
Lån 11537678 2	740 000
Lån 11528765 8	525 000
Lån 11520517 1	425 000
Lån 11495364 9	25 000
Lån 11541763	938 005
Lån 11547357	6 000 000
Sum Husbanken	8 653 005
Totalt inkl. Husbanken	293 131 303

Verksemdsplan 2025

Verksemdsplan og årsbudsjett gjer greie for hovudtrekka i tenesteproduksjonen som er planlagt på tenesteområda i Vestre Slidre kommune i 2025. Planen seier med ord og tabellar/figurar kva som skal gjerast. Årsbudsjettet (sjå kapitelet over) gjer greie for dei økonomiske rammene for verksemda.

Verksemdsplanen tek utgangspunkt i:

1. tiltak som er beskrive i Handlingsplanen (fireårs-perspektiv). Handlingsplanen i sin tur er bygd på mål og strategiar i det overordna planverket (kommuneplanen sin samfunnsdel og andre overordna planar).
2. føringar for tenesteproduksjon, myndeforvaltning og samfunnsutvikling som er naudsynt å handtere i eit ettårs perspektiv, og som ikkje er gjort greie for i planverket – altså utfordringar som kjem undervegs.
3. føringar som er kome fram gjennom arbeidsprosess og prioriteringar som administrasjonen har gjort framlegg om samt innspel frå dei kommunale råda.

Verksemdsplanen for kommunen er bygd på tenesteområda med tilhøyrande funksjonar og tenester. Verksemdsplanen syner kva tenester kommunen produserer, rammene og måla for tenesteproduksjonen, ambisjonar for utvikling mv. I Vestre Slidre kommune er tenestene fordelt på desse tenesteområda:

- Politisk styring Administrasjon
- Stab/økonomi
- Helse og oppvekst
 - Barnehage
 - Grunnskule
 - Kulturskule
 - Kultur, frivilligheit, inkludering og aktivitet for barn og unge
 - Pedagogisk avdeling, Leirskule
 - Barnevern
 - Førebygging og behandling
 - Pleie og omsorg - sjukeheimen
 - Heimetenesta
 - Individuelt tilrettelagte tenester
- Plan, teknisk, miljø og samfunnsutvikling
 - Kommunale bygg
 - Teknisk drift
 - Teknisk forvaltning

Intensjonen til verksemdsplanen er å informere om og gje oversikt over det vesentlege i den kommunale verksemda. Planen syner korleis kommunen sine ressursar blir prioritert basert på dei folkevalde si styring av ressursbruken. Verksemdsplanen skal gje innbyggjarar og omverda moglegheit til innsyn i korleis kommune sine ressursar blir nytta til tenesteproduksjon, myndeforvaltning og samfunnsutvikling.

Tenesteproduksjon innafor tenesteområda har følgande underkapittel:

- Funksjonar og tenester innafor tenesteområdet – kort omtale av kva for type tenester kommunen produserer og yter til innbyggjarane.

- Målgrupper for tenestene – seier noko om kva for målgrupper som er mottakar av dei aktuelle tenestene.
- Utvikling i nøkkeltal – syner utvikling i viktige nøkkeltal innafor tenesteområdet.
- Mål for tenesteproduksjonen .
- Organisering av tenesteproduksjon – kort om kven som har ansvar for at dei aktuelle tenestene på tenesteområdet blir produsert og levert.
- Planlagt utviklingsarbeid i 2025 – utviklingsarbeidet som er planlagt gjennomført for å forbetre eksisterande tenester og eventuelt utvikle nye.

Planverket

Vestre Slidre kommune har planverk med grunnlag i eigen planstrategi (jfr. plan- og bygningsloven). Planverket er styringsgrunnlaget for den samla verksemda i kommunen. Kommunestyret vedtok planstrategi for neste periode i KS-047/24. Arbeidet med planstrategien vart gjennomført fyrste halvår 2024. Tenesteproduksjonen på kvar teneste innafor områda (sjå under) går føre seg i medhald til mål og rammer. Arbeidet med å få ein tydelegare samanheng mellom kommunen sine overordna planar og handlings- og økonomiplanen er vidareført.

Organisering av verksemda

Politisk organisering

Kommunen si organisering av det politiske arbeidet syner korleis dei folkevalde representantane og representantar oppnemnt av dei folkevalde, er fordelt i styrar, komitéar, råd og utval. Kommunen si politiske organisering er omtalt på kommunen sin nettstad.

Kommunestyret har vedteke å innføre kommunestyrekomitear i kommunestyreperioden 2023-2027.

Administrativ organisering

Kommunen si administrative organisering er omtalt og gjort greie for på kommunen sin nettstad.

Verksemdsplan per tenesteområde

Politisk styring, råd og utval.

Funksjon 100- politisk styring- inneheld tenestene:

- 10000 - Kommunestyre og formannskap
- 10010 – politisk råd og utval
- 10030 – val
- 10040 – støtte til politisk parti
- 18040 - råd for brukarmedverknad
- 18050 - ungdomsråd

I tenestene inngår godtgjersle til folkevalde og utgifter til møteavvikling. Utgifter til interkommunale og regionale politiske råd og samarbeidstiltak inngår, utgifter knyttet til avvikling av kommune-, fylkes- og stortingsval i kommunen.

Administrasjonen- stab og støtte

Funksjon 110- kontroll og revisjon- inneheld tenestene:

- 11000- kontrollutval og revisjon

Tenestene omfatter arbeid i kommunen sitt kontrollutval etter kommunelova kapittel 23 og revisjon etter kommunelova kapittel 24. Møtegodtgjersle og andre utgifter til møteavvikling i kontrollutvalet, kontrollutvalsekretariatet og utgifter til rekneskapsrevisjon og forvaltingsrevisjon.

Funksjon 120 Administrasjon inneheld tenestene:

- 12000- rådmannsfunksjonen
- 12010 – felles administrasjon
- 12020 – økonomiavdelinga
- 12030 – IKT

Målgrupper for tenestene:

Felles for dei administrative tenestene er at målgruppa i stor grad er organisasjonsinterne. Dei administrative tenestene skal leie, administrere, støtte og legge til rette for tenesteproduksjonen som vert utført i sektorane til kommunen sine innbyggjarar, slik at tenestene når sine mål. Til området ligg og informasjonsarbeid ut til omverda.

Mål for tenesteproduksjonen

- Gjere einingane mindre sårbare personellmessig
- Sikre lik sakshandsaming
- Bidra til å sikre rett kompetanse i organisasjonen
- Sikre god informasjon ut til omverda

Organisering av tenesteproduksjonen

Området er bestått av to einingar,

Økonomi og rekneskap

Økonomi og rekneskap har ansvaret for kommunen sitt budsjett, rekneskap, økonomifunksjonar, støttetenester til tenesteområdar og einingar.

Personal, service og kommunikasjon

Personal, service og kommunikasjon bidreg med støttetenester på fleire områder. Dei ivaretek og vidareutvikler overordna arbeidsgjever oppgåver og er ei fagleg støtte for kommunen sine leiarar innanfor personalarbeid. Eininga har ansvaret for lønsarbeid. Vidare er publikumsservice, informasjonsarbeid, arkiv lagt til eininga.

Plan utviklingsarbeid 2025

- Kontinuerleg arbeid med digitalisering og digitaliseringsgevinstar.
- Innføring av nytt ERP-system i 2025, klart til bruk i 2026.

Helse og oppvekst

Barnehage

Funksjon 201 Barnehage- som inneheld teneste

- 20100– Røn naturbarnehage
- 20110- Slidre barnehage

Funksjon 211 Styrka tilbod til førskuleborn – som inneheld teneste

- 21100 – Styrka tilbod til førskuleborn

Funksjon 221- skyss barnehageborn- som inneheld teneste

- 22110- Skyss

Nøkkeltal:

13502: Utvalgte nøkkeltall for barnehager, etter statistikkvariabel, region og år

		2020	2021	2022	2023
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år (prosent)	3452 Vestre Slidre	78,8	84,6	75,8	90,3
	EAKUO Landet uten Oslo	85,5	87,1	87,8	88,8
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	79,9	83,5	84,8	84,8
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	3452 Vestre Slidre	91,7	92,9	86,0	95,3
	EAKUO Landet uten Oslo	92,9	93,6	93,6	94,0
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	90,8	92,5	92,4	91,6
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år (prosent)	3452 Vestre Slidre	100,0	100,0	92,5	98,1
	EAKUO Landet uten Oslo	97,4	97,6	97,3	97,3
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	97,3	98,0	97,0	96,0
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (prosent)	3452 Vestre Slidre	100,0	100,0	100,0	100,0
	EAKUO Landet uten Oslo	48,9	48,9	49,7	50,1
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	88,3	88,7	89,0	89,2
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager (antall)	3452 Vestre Slidre	5,1	5,2	4,7	5,0
	EAKUO Landet uten Oslo	5,7	5,7	5,7	5,7
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	5,3	5,2	5,2	5,1
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (prosent)	3452 Vestre Slidre	47,3	39,8	44,5	30,9
	EAKUO Landet uten Oslo	42,4	42,7	42,1	41,3
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	44,0	44,1	40,5	41,2
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	3452 Vestre Slidre	:	:	0,0	0,0
	EAKUO Landet uten Oslo	4,0	4,2	4,1	4,0
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	3,6	3,6	3,4	3,1
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år (prosent)	3452 Vestre Slidre	58,3	69,2	41,7	50,0
	EAKUO Landet uten Oslo	84,0	85,6	84,5	85,8
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	86,0	89,7	85,5	81,1
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager	3452 Vestre Slidre	66,8	75,5	85,5	93,6
	EAKUO Landet uten Oslo	77,3	85,6	89,2	97,4
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	78,7	86,2	89,2	100,8
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager	3452 Vestre Slidre	61,6	69,2	78,4	84,0
	EAKUO Landet uten Oslo	61,1	67,2	69,8	76,4
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	66,0	72,8	75,5	84,9
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	3452 Vestre Slidre	7,5	8,3	9,5	9,0
	EAKUO Landet uten Oslo	14,2	14,4	13,7	14,2
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	10,2	10,9	10,8	11,6
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)	3452 Vestre Slidre	147179	150607	174116	199800
	EAKUO Landet uten Oslo	168377	181644	187750	211948
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	168730	187960	195872	230984

Antal barn 1-5 år:

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1 åringer	10	10	14	14	9	13
2 åringer	14	14	12	19	16	15
3 åringer	18	15	18	13	17	19
4 åringer	11	19	14	18	14	20
5 åringer	23	11	19	14	18	14
til saman	76	69	77	78	74	81

Nøkkeltal

Born født etter årstall	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Antal born født	14	20	19	15	15	23
Antall barn i barnehage	76	69	77	78	74	81
Antal plasser barn pr barnehagelærer jfr. Udir	*	10,6	9,7	12,9	10,1	15,9
Antal plasser barn per ansatt jfr Udir	*	4,9	5,1	5,2	4,7	4,95

Målgruppe for tenesten

Målgruppe for tenestene er alle barn i førskulealder i Vestre Slidre kommune.

Mål for tenesteproduksjonen

- La barn og unge møte eit heilskapleg og samanhengande tverrfagleg støtteapparat som varetek den einskilde og sikrar rette hjelp til rett tid.
- Vidareutvikle barnehagane for å ivareta barnets behov for omsorg og leik, samt fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.
- Styrke barn og unges identitet og kjensle av å høyre til i Vestre Slidre gjennom natur – og kulturopplevingar.
- Legge til rette for eit godt samarbeid og dialog med relevante samarbeidspartnarar, og medverke til interkommunal og regional samhandling på ulike nivå
- Styrke det tverrfaglege samarbeidet rundt barnehagebarn.

Organisering av tenesteproduksjonen

Barnehage	Antal avd	Areal	Antal plassar
Slidre bhg	5	262,2 m2 + 175 m2	90
Røn nat.bhg	3	289,8 m2	60

Plan utviklingsarbeid 2025

Satsingsområdet for 2025 er foreldresamarbeid, og her med hovudfokus på trygge og tydelege vaksne, dette i tråd med Rammeplan for barnehagar. Eit målretta samarbeid som gir ei styrka involvering av personalet og foreldre, til barns beste.

I tillegg så jobbar alle avdelingar med utviklingsarbeid med dette som tema.

Vidare skal vi vidareutvikle temabarnehagane innan kultur og natur.

Grunnskule

Funksjon 202 Grunnskule- som inneheld teneste

- 20200 – Grunnskuleundervisning
- 20210 – Spesialpedagogiske tiltak(PPT)

Funksjon 215 skulefritidsordning – som inneheld teneste

21500 – skulefritidsordning

Funksjon 223 – skuleskyss -som inneheld teneste

- 22300 – skyss til og frå skule

Nøkkeltal:

Nøkkeltal Vestre Slidre skule		2019	2020	2021	2022	2023
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	Landet				31,6	31,5
		31,5	31,2	30,5		
Vestre Slidre			47,5	32,3	37,8	28,6
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	Landet					146,4
		138,8	142,9	144,4	146	
Vestre Slidre			153,7	130,8	131,2	129,7
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent)	Landet					7,5
		6,4	6,3	6,3	6,9	
Vestre Slidre			3,4	4,6	2,4	5,2
Elever i kommunale og private	Landet					
		7,7	7,7	7,8	7,8	8,0

grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	Vestre Slidre		4,6	5,0	4,9	3,6
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	Landet	75,5	73,2	73,1	74	65,5
	Vestre Slidre		74,2	95,8	78,6	75
Gruppestørrelse 2 (antall)	Landet	16,0	15,8	15,6	15,7	15,7
	Vestre Slidre		14,5	13,8	12,9	11,8
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	Landet	41,9	43,1	43,2	43,3	42,4
	Vestre Slidre		44,0	44,7	42,8	41,5
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	Landet	22,4	21,9	22,5	22,1	22,7
	Vestre Slidre		21,3	24,7	23,1	19,5
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr)	Landet	118056,0	118837,9	128272,3	135830,4	150105,1
	Vestre Slidre		143991,8	167793,7	170910,8	181 674,9

Målgruppe for tenesta

Tenestene i tenesteområdet skule blir gitt til målgruppene slik:

- Grunnskuleteneste til alle barn og unge i Vestre Slidre i alderen 6 – 16 år.
- Skulefritidstilbodet for barn på 1.-4. trinn i grunnskulen samt på 5.-7. trinn for barn med spesielle behov.
- PPT tilrettelegging for elevar med spesielle behov.

Mål for tenesteproduksjonen – mål 2025

Indikatorar på tenestekvalitet	Resultat skuleåret 2023-2024	Mål skuleåret 2024-2025
Elevundersøkinga Vestre Slidre skule skal fremme god sosial kompetanse og jobbe for å vera ein inkluderande læringsarena som legg til rette for samarbeid og fellesskap. Det skal vera nulltoleranse for mobbing og anna krenkjande	Mobbing 7. klasse: Under publiseringsgrense Mobbing 10. klasse: 0%	Mobbing 7. klasse: 0% Mobbing 10. klasse: 0%

åttferd (mål henta frå skulen sin utviklingsplan).		
Nasjonale prøver og grunnskulepoeng Elevane ved Vestre Slidre skule skal : -ha grunnleggjande dugleikar innan lesing, skriving, rekning, digitalt og munnleg på sitt nivå. - i alle fag arbeide aktivt med kjerneelement, djupnelæring og fagrelevans innan læreplana LK20 -gjennom opplæringa gje elevane motivasjon, og høve til å skape, vise kreativitet og utforskartrøng (mål henta frå skulen sin utviklingsplan)	Lesing 5. klasse-Skalapoeng: 51 (andel elevar på ulike meistringsnivå er ikkje offentleg)	Lesing 5. klasse-skalapoeng:50 (same som gjennomsnitt for Innlandet skuleåret 22-23. Gjeld alle indikatorar nedanfor i tabellen)
	Rekning 5. klasse-skalapoeng:50	Rekning 5. klasse-skalapoeng:49
	Engelsk 5. klasse-skalapoeng:48	Engelsk 5. klasse-skalapoeng:49
	Lesing 8. klasse- Skalapoeng: 51	Lesing 8. klasse-skalapoeng:49
	Rekning 8. klasse-Skalapoeng:48	Rekning 8. klasse-skalapoeng:49
	Engelsk 8. klasse-Skalapoeng:51	Engelsk 8. klasse-skalapoeng:49
	Lesing 9. klasse-Skalapoeng: 54	Lesing 9. klasse-skalapoeng:53
	Rekning 9. klasse-Skalapoeng: 55	Rekning 9. klasse-skalapoeng 53
	Grunnskulepoeng: 41,5	Grunnskulepoeng: 41,9
	Spesialundervisning: 4,88 %	Spesialundervisning: under 8 %
Vestre Slidre skule skal ha formålstonelege og framtidsretta læremiddel (mål henta frå skulen sin utviklingsplan)	Digitale tavler i alle klasserom Digital tilgang til A-univers og andre læringsressursar Nye læreverk i fleire fag Nye læreverk i alle fag, digital tilgang til A-univers og andre læringsressursar	Digitale tavler i alle klasserom, også på personalrom Eingongsbøker til elevar på barnesteget Digitale tilgang til A-univers og andre læringsressursar
Kommunen ansvar for å vedlikehalde og utvikle kvaliteten i skulen gjennom kompetanseutvikling for personalet (Plan for skulebasert kompetanseutvikling)	Assisterande rektor-rektorutdanning-blir avslutta hausten 23 Etter- og vidareutdanning: Sosial pedagogisk rådgjevar - tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge. Ferdig våren 2024 1 lærar - Matte 30 stp. Ferdig våren 2024 1 lærar-Norsk 30 stp. Ferdig våren 2024	Etter- og vidareutdanning: 1 lærar 30 stp kunst og handverk. 1 lærar 30 stp engelsk 1 lærar 30 stp samfunnsfag Alle ferdige våren 2025. Utarbeide ny plan skulebasert kompetanseutvikling

Utviklingsarbeid skuleåret 2024-2025 innanfor tenesteområdet Skule vil i særleg grad vera (henta frå skulen sin utviklingsplan 2024-2028):

- Samarbeid heim-skule; Utviklingssamtaler, foreldremøter, dagleg/vekentleg samarbeid
- Digitale verktøy (KI, redigeringsprogram); Korleis bruke det i klasserommet? Opplæring og utprøving
- Revidere plan for vurdering for læring 1.-10. klasse
- Vurdering u-steg, standpunkt; Reglar for fastsetjing av standpunkt jfr forskrift til opplæringslova, lage retningslinje/rutine knytt til forskrift for standpunktvurdering
- Byrjande bekymringsfullt fråvær; Skulenærvær (forebyggande arbeid og gode system/rutinar).Revidere plan for bekymringsfullt skulefråvær. Heile laget rundt må vera delaktige.
- Oppvekstløftet; Valdreskommunane skal styrke si samhandling og forebyggande innsats for at fleire barn og unge i Valdres skal få riktig og koordinert hjelp til rett tid.
- Dekomp: Skolene i Valdres har en felles forståelse for hvordan en kan få til god inkludering i praksis i hver enkelt skole. Arbeid med ny opplæringslov
- Kompetanseløftet: Valdreskommunene skal styrke sin samhandling og forebyggende innsats for at flere unger i Valdres skal få riktig og koordinert hjelp tidlig nok og lenge nok. Jamfør kommunen sin forebyggande plan

Kulturskule

Funksjon 382- Kulturskule - som inneheld teneste

- 38300- Kulturskule

Målgruppe for tenestene

Kulturskolen er eit ressurscenter for kultur i kommunen. Til skilnad frå ei gammaldags kulturskuleforståing – med fokus berre på dei betalande elevane – har kulturskulen nå i tillegg eit innbyggjarfokus og brukast som ressurs mot alle aldersgrupper. Hovudtyngda av arbeidet er likevel undervisning av registrerte elevar i alderen 4-19 år.

Nøkkeltal:

12061: Kommunale kulturskoler, etter statistikkvariabel, region og år						
		2019	2020	2021	2022	2023
Netto driftsutgifter til kommunale kulturskoler per innbygger 6-15 år (kr)	3452 Vestre Slidre	.	11336	13888	13263	17670
	EAKUO Landet uten Oslo	2682	2641	2865	2942	3323
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	4868	4989	5609	5581	6266
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale kulturskoler per elev (kr)	3452 Vestre Slidre	.	27256	33915	31339	34814
	EAKUO Landet uten Oslo	21417	20980	23407	24353	26983
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	21602	21761	25899	26334	28500
Brutto driftsutgifter til kommunale kulturskoler per elev (kr)	3452 Vestre Slidre	.	33722	38635	38026	44988
	EAKUO Landet uten Oslo	23100	22537	24962	25764	28521
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	24808	25482	30032	30071	32836
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent)	3452 Vestre Slidre	.	46,8	48,6	47,3	47,1
	EAKUO Landet uten Oslo	13,8	13,6	13,3	13,2	13,2
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	20,5	21,0	20,3	20,0	20,2
Barn 6-15 år som står på venteliste til kommunens kulturskole (prosent)	3452 Vestre Slidre	.	0,0	0,0	1,4	2,5
	EAKUO Landet uten Oslo	3,2	3,0	3,1	3,2	3,3
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	1,5	1,2	1,6	2,0	1,8
Elever i kommunens kulturskole (antall)	3452 Vestre Slidre	.	126	116	110	105
	EAKUO Landet uten Oslo	92094	87743	88147	88206	88879
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	1388	3050	2884	3123	2948
Elever fra kommunen i kommunens kulturskole (antall)	3452 Vestre Slidre	.	126	116	110	105
	EAKUO Landet uten Oslo	92155	86331	86579	86564	87100
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	1938	3355	3023	3229	3053
Elevplasser i kommunens kulturskole (antall)	3452 Vestre Slidre	.	187	169	170	178
	EAKUO Landet uten Oslo	115360	109890	111027	111314	114221
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	1723	3710	3633	3707	3722
Årsverk	3452 Vestre Slidre	.	5,8	5,7	2,5	2,7
	EAKUO Landet uten Oslo	1756,1	1757,1	1768,7	1757,2	1770,2
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	28,0	70,5	70,8	67,4	68,4
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (antall)	3452 Vestre Slidre	.	113	102	99	91
	EAKUO Landet uten Oslo	78500	75331	75510	76025	74653
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	1267	2655	2503	2700	2538

Kjelde: SSB

Prosentdelen av born i grunnskulealder med ein eller fleire kulturskuleplassar elles i Valdres og i landet er hhv. 26% og 13%.

Netto driftsutgifter per born i grunnskulen ligg også ganske høgt. Grunnen til det er sjølvsagt det høge elevtalet, i tillegg er vi aktive med samarbeid med andre tenester, noko som ikkje kjem så tydeleg fram i KOSTRA.

	2021	2022	2023
Lærarar	22	20	20
Elevplassar	169	170	172
Elever (unike personar)	116	110	107
Elever i grunnskulealder	102	99	96
% av barn i grunnskolen	48%	47%	47%
Fagtilbod	25	24	22

Mål for tenesteproduksjonen

Kulturskulen skal:

- gje alle, men spesielt born og unge oppleving av meistring og av å vere verdsett i eige lokalmiljø.
- gje alle, og spesielt born og unge optimale moglegheiter til å danning og utvikling innan eit breitt spekter av kulturuttrykk og skapande aktivitetar.

I tillegg til undervisning av eigne elevar søker kulturskulen å ha kapasitet til å støtte opp om andre tenester sine aktivitetar og å gi støtte til bygdas frivillig lag og organisasjonar.

Organisering av tenesteproduksjonen

Institusjonstenestane er organisert i sektoren helse og oppvekst

- Undervisning av elevar
- Ressursleverandør til andre tenester
- Ressursleverandør til lokale frivillige organisasjonar

Plan utviklingsarbeid 2025

Kulturskulen jobbar med å utvikle verdigrunnlag og praksis i samsvar med «Rammeplan for kulturskolen – Fordypning og mangfold» Denne vart i 2017 vedteke – av kommunestyret – som styrande for Vestre Slidre kulturskule. I 2025 vil det bli sett sær satsing på utviklingsmoglegheiter i møte med digitale verktøy.

Kultur, frivillighet, inkludering og aktivitet for barn og unge

Barn og unge ; 0-30 år og ungdom

- Frivilligsentralen arrangerer småbarnstreff med babysymjing. Målgruppe er foreldre i barselpermisjon og målet er at foreldre skal bli kjent med kvarandre tidleg og etablere eit godt nettverk for seinare samhandling som foreldre.
- Vi har eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar . Laga får gratis treningstid i kulturhuset og vi har jamnleg dialog med dei, samt eit dialog-møte i året.
- “Ut på tur” er eit tilbod til 4. trinn på skulen. Dei får tilbod om å lære om friluftaktivitetar på Brennabu.
- Ungdomsklubben blir organisert av ungdomsarbeidarane i kommunen. Vi har tilrettelagte og fine lokalar i Slidre sentrum. Aktiviteten kan og gå føre seg ute, med f eks Paintball og ake-kveldar.
- Mekkeklubben i Lomen er eit tilbod organisert av kyrkja, for barn og unge. Dette er og i samarbeid med Vang og Vestre Slidre kommunar.
- “Alle med ” er eit fokus på at alle barn og unge skal ha aktivitet på fritida.

- Aktive laurdagar er familiedagar med ope bibliotek, kulturkafé og symjehall, samt open BUA. Dette er i samarbeid med ein frivillig organisasjon som arrangerer ein aktivitet i gymsalen for barna.
- Kulturkafeen er lagt til rette for barn og unge med kantine for u-steget, brukt av Frivilligsentralen bl.a. til leksehjelp og småbarnstreff.
- Det blir kvart år arrangert 4. dagsfest for unge vakne mellom 20 og 30 år. Invitasjon går til alle som har budd i kommunen og som har flytta til kommunen innafor målgruppa.
- BUA Vestre Slidre har gratis utlån av fritids og friluftsutstyr .

Kulturminneforvaltning

- Kommunen har kvart år oppgåver med skjøtsel av kulturminne j. f. revidert Kulturmiljøplan 2024 og handlingsplan. Tilrettelegging for fleire besøk på våre kulturminne bli arbeida med.

Bibliotek

- Skule og folkebibliotek har 85 % stilling. Då er biblioteket betjent for publikum. Låneautomaten kan brukast i og utanom arbeidstida, med "meirope bibliotek ". Vi tek sikte på å kunne opne biblioteket meir utan at vi aukar kostnadane.
- *Bibliotek Slidreøya*
- Biblioteket på Slidreøya er betjent med 15 % stilling to halve dagar i veka. Kommunen får statstilskot til dette biblioteket.
- *Museum*
- Kommunen gjer eit tilskot til Valdres folkemuseum pr. år, på lik linje med andre kommunar. Tilskotet har auka det siste året. Museet har også formidlingsansvar for fleire av kulturminna våre.

Kunstformidling; kunstformidling/tiltak kulturmidlar

- Nominasjon og utdeling av den årlege kommunale prisen, samt utdeling av kulturmidlar til frivillige lag og organisasjonar som søker. Det vert og gjeve eit tilskot til 4 dagsfesten til unge vaksne slik at eigenandelen ikkje skal bli for høg. Kultur og frivilligheit lagar 2 gonger i året eit felles aktivitetsprogram.

Frivillighetssentral

- Skal vera ein møtestad, ideutviklar og igangsetjar av aktivitetar for alle som ynskjer å delta i frivillig arbeid. Vi skal støtte opp om det organiserte og uorganiserte arbeidet til det beste for fellesskapet og einskildmennesket i kommunen. Vi skal etablere kontakt på tvers av generasjonar og kulturar og stimulere til auka lokal frivilligheit.

Kulturkafeen

- Kulturkafeen er ein møtestad for alle innbyggjarar, og gjev mogelegheit for nettverksbygging.
- Samstundes er denne møteplassen tilgjengeleg for frivillige lag og organisasjonar. Den er framleis Nesja krins sitt grendehus og kan og bookast til private lag.

BUA Vestre Slidre

- Har gratis utlån av friluft og fritidsutstyr. Vi abonnerer på eit utlånssystem som er landsomfattande. Dette er vi godt nøgde med, då det held god kontroll på utlån og kor utstyret er til ein kvar tid. BUA har bra med utsyr no, men det er og behov for vedlikehald.

Inkludering/introduksjonsordning

- Kommunen har ikkje eigen teneste til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Vi kjøper denne tenesta frå andre kommunar. Oppgåver med busetjing, integrering og rådgiving har vi sjølve.
- Kommunen bør ta sin del av det samfunnsansvaret det er å ta i mot flyktningar.
- Kommunen har ikkje eigne bustadar for flyktningar. Ein må dermed ut på den private marknaden for å skaffe bustadar, men også den marknaden er snart brukt opp!

Nøkkeltal:

13135: Utvalgte nøkkeltall for kultur, etter statistikkvariabel, region og år		2019	2020	2021	2022	2023
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	3452 Vestre Slidre	.	3,8	4,6	5,0	5,2
	EAKUO Landet uten Oslo	4,1	4,0	4,1	4,1	4,1
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	3,4	3,9	4,0	4,0	4,2
Netto driftsutgifter til idrett (f380+f381) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	3452 Vestre Slidre	.	0,4	0,8	0,9	0,9
	EAKUO Landet uten Oslo	1,4	1,4	1,4	1,4	1,4
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	0,9	1,1	1,1	1,1	1,2
Netto driftsutgifter til barn og unge (f231+f383) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	3452 Vestre Slidre	.	1,6	2,2	2,2	2,0
	EAKUO Landet uten Oslo	0,8	0,8	0,8	0,8	0,9
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	0,8	0,8	1,0	1,0	1,0
Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr)	3452 Vestre Slidre	.	2929	3299	3742	4605
	EAKUO Landet uten Oslo	2549	2529	2684	2879	3116
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	2944	3027	3174	3339	3769
Netto driftsutgifter til allmenn kultur (f370+f373+f375+f377+f385+f386) per innbygger (kr)	3452 Vestre Slidre	.	1352	1186	1446	2024
	EAKUO Landet uten Oslo	1178	1174	1212	1295	1400
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	1488	1518	1549	1590	1745
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr)	3452 Vestre Slidre	.	0	0	0	52
	EAKUO Landet uten Oslo	1270	1350	1124	1090	1121
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	3901	1105	1106	792	1946
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger (kr)	3452 Vestre Slidre	.	394	439	440	295
	EAKUO Landet uten Oslo	305	295	310	324	344
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	471	442	480	505	529
Besøk i folkebibliotek per innbygger (antall)	3452 Vestre Slidre	.	1,9	2,3	2,5	2,6
	EAKUO Landet uten Oslo	4,9	2,7	3,2	3,8	4,3
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	3,4	2,6	3,6	4,0	4,1
Utlån per innbygger (antall)	3452 Vestre Slidre	.	3,6	4,0	3,9	4,8
	EAKUO Landet uten Oslo	2,9	2,1	2,4	2,3	2,5
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	4,2	2,8	3,2	2,9	3,0
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent)	3452 Vestre Slidre	.	46,8	48,6	47,3	47,1
	EAKUO Landet uten Oslo	13,8	13,6	13,3	13,2	13,2
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	20,5	21,0	20,3	20,0	20,2
Besøk per kinoforestilling (antall)	3452 Vestre Slidre	.	..	..	..	..
	EAKUO Landet uten Oslo	25,5	15,8	16,6	21,0	21,9
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	21,1	13,1	13,0	17,3	18,7

Mål for tenesteproduksjonen

- Styrke barn og unges identitet, meistring, tryggleik og kjensle av å høyre til i Vestre Slidre.
- Legge til rette for eit heilskapleg og godt tilbod ved godt samarbeid god dialog med frivillige lag og organisasjonar samt skape gode møteplassar for personar i alle aldrar og kulturell bakgrunn.
- Gje kulturminne god tilrettelegging.
- Leggje til rette for gode kulturopplevingar.
- Biblioteket meir tilgjengeleg og bli ein ny møteplass.
- Ta ansvar for at også vår kommune skal kunne busetje flyktningar.

Organisering av tenesteproduksjonen

Kultur, frivilligheit og inkludering skal framstå som ein saumlaus avdeling der innbyggjarar i alle aldra skal oppleve å få gode tilbod og god informasjon om tilboda. Vi skal utnytte kvarandre sin kompetanse og evne, slik at vi kan hjelpe kvarandre i tenesta med ei oppgåvene vi har.

Plan utviklingsarbeid 2025

- Biblioteket : har som mål å gje alle innbyggjarar høve til gratis lån og opplevingar gjennom litteratur og kulturelle opplevingar. Vi skal auke tilgjengelegheita gjennom å vera eit meir "meiroke" bibliotek og ny møteplass. Biblioteket skal bli ein stad det er enno hyggelegare å vera.
- Frivilligsentralen skal vere ein "møtestad", ideutviklar og igangsetjar av aktivitetar for alle som ynskjer å delta i frivillig arbeid. Sentralen skal arbeide for å støtte opp om det organiserte og det uorganiserte frivillige arbeidet til beste for fellesskapet og einskildmennesket i kommunen. Sentralen skal etablere kontakt på tvers av generasjonar og kulturar samt vera ein god støttespelar for frivillige lag og organisasjonar.
- Kultur: Kommunen skal legge til rette for, å gjere fleire kulturminne godt tilgjengelege. Hamrissløtet er eit slikt eksempel. Arrangere kulturelle opplevingar gjennom arrangement som passar for alle generasjonar, samt kulturkveld med kulturprisutdeling.
- Kulturkafeen: ein viktig møteplass for alle i bygda, og ikkje minst for barn og unge. Kulturkafeen er og ein av frivilligsentralen sine møteplassar.
- Inkludering: Kommunen vil fylje sentrale føringar i forhold til busetjingsbehov, sikre god kompetanse og kvalitet på kvalifiseringsarbeidet og at flyktningane vert inkludert i vårt lokalsamfunn. Kommunen skal legge til rette for kvalifisering gjennom introduksjonsprogrammet og frivillig spåkaffe. Ein vil framleis velje å kjøpe norskopplæring i andre kommunar. Det andre busetjing-s og kvalifiseringsarbeidet vil vi ivareta sjølve. Vi har tilsett flyktningkoordinator i 100% stilling på fast avtale for å ivareta dette arbeidet.

Pedagogisk avdeling, Leirskule

Funksjon 320 Kommunal næringsverksemd- som inneheld teneste

- 32000- Brennabu leirskule

Nøkkeltal:

	Utvikling siste 5 år					Prognose for neste fire år			
år	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
elevtall	3040	4133	3900	4174	4100	3975	3727*	3178*	2904*

*ventar fleire bestillingar

Målgruppe for tenesten

Leirskuleundervisning for 6.- 10. trinn

Mål for tenesteproduksjonen

Sikre kvalitet i dei aktivitetane vi har.

Utvikle tenesta med ein ny aktivitet i året.

Organisering av tenesteproduksjonen

Institusjonstenestene er organisert i sektoren helse og oppvekst

Skuleåret er delt inn i 2 sesongar, med ulike aktivitetar i kvar sesong. Stølsriket og Vinterriket.

Plan utviklingsarbeid 2025

- Fortsette samarbeid med kulturkontoret med prosjektet «ut på tur» for 4.klasse.
- Sette opp ny/renovere gapahuk i skiløype mellom Kvålstøl og Murkeli.
- Videreutviklet aktiviteten "Stølskultur".

Barnevern

Funksjoner og tenester innanfor tenesteområdet

Funksjon 244 barnevernteneste inneheld tenestene:

- grunnleggjande saksbehandling innanfor barnevernet samla, inkludert innkjøp av nødvendige tenester.

Funksjon 251 barneverntiltak i familien inneheld tenestene

- tiltak til barn og familiar i heimen
- Utgifter knyttet til undersøkelsessaker, inkludert sakkyndig utgreiinger

Funksjon 252 barneverntiltak utanfor familien inneheld tenestene:

- fosterheim, institusjonar, tilsynsførarar og ettervern

Målgrupper for tenestene

- barn som har behov for bistand i familien for ikkje å oppleve vidare omsorgssvikt
- barn som etter barnevernloven har behov for eit skifte av omsorgsbasis

Nøkkeltal:

Målgruppe/demografi

Utvikling for planperioden

	2024	2029	2034	2039
Antall barn i befolkninga 0-19 år	424	404	407	416

Kjelde: SSB

Nøkkeltall		2023
Aktivitet	Kommune	
Barn med bekymringsmelding i forhold til barnebefolkninga	Vestre Slidre	3,3%
	Vang	7,0%
	Fylket	4,6%
Barn med barnevernstiltak i fht innbyggjarar i aldersgruppa 0-17 år	Vestre Slidre	4,6%
	Vang	5,4%
	Fylket	4,1%
Barn med undersøkingar i fht antall innbyggjarar i aldersgruppa 0-17 år	Vestre Slidre	3,5%
	Vang	7,6%
	Fylket	4,4%
Andel barn som bor i låginntekstfamiliar (2022)	Vestre Slidre	9,1%
	Vang	17,8%
	Fylket	11,7%
Einslege forsørgjarar med barn under 18 år (2022)	Vestre Slidre	19,2%
	Vang	16,7%
	Norge	18,7%
Andel barn med undersøkingar eller tiltak pr årsverk	Vestre Slidre	11
	Vang	16
	Fylket	12
Andel nye bekymringsmeldingar til barnevernet	Vestre Slidre	20
	Vang	58
Andel nye undersøkingar	Vestre Slidre	14
	Vang	27

Antall avslutta undersøkingar	Vestre Slidre	11
	Vang	25
Fristbrot i undersøkingar (2023 andre halvår),	Vestre Slidre	0%
	Vang	0%
	Fylket	4%
Barn i hjelpetiltak med tiltaksplan (2023 andre halvår)	Vestre Slidre	88,9%
	Vang	66,7%
	Fylket	90,1%
Barn i hjelpetiltak med evaluert tiltaksplan (2023 andre halvår)	Vestre Slidre	92,9%
	Vang	75%
	Fylket	82,2%
Barn i fosterheim som ikkje har fått oppfølging i tråd med lovkrav (2022 andre halvår)	Vestre Slidre	25%
	Vang	100%
	Fylket	8,7%

Mål for tenesteproduksjon

- Sikre stabil drift i barneverntenesta som er i samsvar med lovkrav (m.a. overhalde fristar, oppretting og evaluering av tiltaksplanar)
- Sikre og behalde tilstrekkeleg fagpersonell

Organisering av tenesta

Felles barnevernteneste for Vang og Vestre Slidre er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Vang og Vestre Slidre der Vestre Slidre er vertskommune og Vang er samarbeidskommune.

Barneverntenesta er organisert under vertskommunen sin leiar for familie, helse og førebygging.

Planlagt utviklingsarbeid i 2025

- Kompetanseheving jf kompetansekrav i ny barnevernlov. Barneverntenesta må aktualisere plan for kompetanseutvikling slik at tenesta oppfyller kompetansekrava jf barnevernloven innan 2031. Oppstart vidareutdanning for 1 tilsett hausten 2025.
- Fortsette å utvikle det tverrfaglege samarbeidet med andre tenester i kommunen for å styrke det førebyggjande arbeidet (jf. tiltak som er ført opp i førebyggjande plan). M.a. skal barneverntenesta ha fast nærvær i barnehagar og skuler i Vestre Slidre og Vang kommune.
- Jobbe med å utvikle moglegheita som ligg i det nye fagsystemet
- Ivaretaking av dei tilsette, førebygge/forhindre langvarig sjukefråvær og høg turnover. Som eit tiltak er grunnbemanninga auka og barneverntenesta skal ha jamleg rettleiing for de tilsette, både som gruppe og individuelt.
- Rekruttering av ny barnevernleiar

Førebygging og behandling

Funksjon 232- 234 Helsestasjon, anna førebyggjande arbeid og aktivisering og servicetenester til personar med funksjonsnedsettingar mv:

- 23200 – Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste

- 23300 – Anna førebyggjande helsearbeid og helsestasjon for vaksne
- 23410 – Støttekontakt

Funksjon 241 Diagnose og behandling

- 24100 – Legeteneste
- 24101 - fengselshelseteneste
- 24110 – Legevakt
- 24120 – Behandling og rehabilitering Fysio/ergo/kreftkoordinator
- 24130 – Psykiatriteneste (eige beskriving)
- 24140 – Felles psykologteneste Øvre Valdres

Funksjon 256 Øyeblikkelig hjelp døgntilbud- som inneheld tenestene:

- 25600 - Øyeblikkeleg hjelp døgntilbud VLMS (KAD)

Målgruppe for tenestene

Målgruppe for tenestene er innbyggjarar i Vestre Slidre og personar som oppheld seg i kommunen som har rett til dei aktuelle tenestene. Tenestene gis i samsvar med lov og forskrift og særskilt vedtak, og gjeld:

- Jordmortenester og barselomsorg til alle gravide.
- Helsetenester til barn og ungdom – frå 0 – 20 år.
- Nykomne flyktningar – helseprogram.
- Foreldre med behov for rettleiing i foreldrerolla.
- Personar i alle aldrar med akutt skade eller sjukdom.
- Personar i alle aldrar med fysiske og psykiske sjukdommar i akutt og stabil fase
- Yrkes- og utviklingshemma med behov for støttekontakt, aktivitet og fritid med bistand.
- Innsette i Vestoppland fengsel avdeling Slidreøya

Nøkkeltal:

12209: Utvalgte nøkkeltall for helse og omsorg, etter statistikkvariabel, region og år

		2019	2020	2021	2022	2023
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	3452 Vestre Slidre	.	0,56	0,70	0,56	0,39
	EAKUO Landet uten Oslo	0,56	0,57	0,63	0,64	0,68
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	0,49	0,53	0,56	0,54	0,54
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	3452 Vestre Slidre	.	8,8	11,7	12,7	11,4
	EAKUO Landet uten Oslo	5,0	5,5	6,6	6,3	6,4
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	6,0	6,0	7,1	7,1	7,6
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	3452 Vestre Slidre	.	16,4	16,6	16,7	15,6
	EAKUO Landet uten Oslo	11,5	11,8	12,1	12,4	12,9
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	16,9	15,3	15,5	16,0	16,2
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	3452 Vestre Slidre	.	37,6	39,4	40,6	39,4
	EAKUO Landet uten Oslo	44,1	45,7	50,5	51,8	53,1
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	51,9	56,5	62,7	64,2	61,1
Andel nyfødte med hjemmebesøk av helsesykepleier (prosent)	3452 Vestre Slidre	.	100,0	100,0	86,7	100,0
	EAKUO Landet uten Oslo	93,4	72,4	80,5	86,5	89,6
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	92,6	90,1	93,4	100,7	95,5

Kjelde: SSB

Innbyggjarar og sosiale tenester

3452 Vestre Slidre	Sosialhjelpstilfeller (antall)	74
3452 Vestre Slidre	Sosialhjelpstilfeller som forsørger barn under 18 år (antall)	20
3452 Vestre Slidre	Antall barn under 18 i familier som mottok sosialhjelp (antall)	32
3452 Vestre Slidre	Sosialhjelpstilfeller med sosialhjelp i 6 måneder eller mer (antall)	22
3452 Vestre Slidre	Langtidstilfeller med sosialhjelp som hoved inntekt (6-12 måneder) (antall)	9
3452 Vestre Slidre	Livsoppholdsytelse etter kommunalt reglement (1000 kr)	..
3452 Vestre Slidre	Netto driftsutgifter til ytelse til livsopphald(281) (1000 kr)	2634

kjelde: SSB

Felles mål for tenesteproduksjonen

- vedlikehalde folkehelseoversikta
- Sikre at alle tenesteområde tek omsyn til folkehelse i all verksemd og gjennomfører helsefremjande tiltak i samarbeid med organisasjonar og frivillige ressursar.
- Bevisstgjere innbyggjarane på eige ansvar for tilrettelegging for eigenomsorg, ved å nytte eigen vilje, hjelpemidlar, teknologiske moglegheiter og frivillige ressursar.
- Sikre tenestetilbodet: tilstrekkeleg tilgang av kompetent helse- og omsorgspersonell.
- Oppretthalde desentraliserte tenestetilbod i Vestre Slidre, med supplerande spesialiserte interkommunale tenester

Organisering av tenesteproduksjonen

Tenestene er organisert i sektoren helse og oppvekst. Følgande verksemd har ansvar for tenestene:

- Familie, helse og førebygging: Helsestasjon, skulehelseteneste, folkehelse, legeteneste, psykisk helse og rus, felles psykologteneste Øvre Valdres
- Tilrettelagte tenester: Støttekontakt
- Heimeteneste: Fengselshelseteneste, fysioterapi, ergoterapi
- Nord Aurdal (vertskommune): øyeblikkeleg hjelp døgntilbod, legevakt utanom daglegevakt, jordmorteneste

Felles plan utviklingsarbeid 2025

- Vidareutvikle arenaer for samhandling mellom alle tenester som samhandlar om barn, unge og vaksne gjennom systematisk arbeid
- Gjennomføre tiltak som er oppført i strategisk plan for førebyggjande arbeid og tverrfagleg samhandling barn og unge

23200 – Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste

mål for tenesteproduksjonen

- Følgje opp barn og deira føresette med tilbod om vaksining, individuell rådgjeving og grupperetta helseopplysning tilpassa dei ulike aldersgruppene.
- Delta i tverrfagleg samhandling med skule og andre helsetenester for å gi barn og familiar med særskilte behov best mogleg hjelp

Plan utviklingsarbeid 2025

- Utarbeide plan for helsestasjon
- Ferdigstille plan for skulehelseteneste
- Vidareutvikle tverrfagleg samhandling og definere oppgåvefordeling mellom sosialpedagogisk rådgjevar, helsesjukepleiarar, barne- og ungdomslos og familieveileder
- Utvikle eit godt system for drift av tverrfaglege team med representantar frå skule og helse

23410 – Støttekontakt

mål for tenesteproduksjonen

- Tenesta gis til den som har behov for personbistand for å mestre deltaking i sosiale og/eller fysiske aktiviteter.
- Tenesta skal bidra til tilrettelegging for ein aktiv og meningsfylt fritid.
- Tenesta skal bidra til forebygging av einsomheit og isolasjon.
- Tenesta innvilgast med mål om å bli meir sjølvstendig eller oppretthalde funksjonsnivå i bruk av aktivitetar/tilbod i nærområdet.

plan utviklingsarbeid 2025

Støttekontakt i eit sosialiseringsspektiv på gruppenivå

Ei god nok teneste til dei som har rett på det

24100 – Legeteneste

mål for tenesteproduksjonen

- Sikre stabil drift på legekantoret med fastlege til alle innbyggjarar
- Sikre gode og attraktive arbeidsvilkår for leger i kommunen for å sikre stabil legedekning over tid

plan utviklingsarbeid 2025

- Involvere legekantoret i utviklingsarbeidet i helsesektoren, m.a. velferdsteknologi og det førebyggjande arbeidet for barn og unge
- Legge til rette for at leger i ALIS-løp får gjennomført naudsynte aktivitetar iht utdanningsplan

24101 – fengselshelseteneste

mål for tenesteproduksjonen

- Sikre tilstrekkelege og nødvendige helsetenester til dei innsette i fengselet

plan utviklingsarbeid 2025

- Utvikle felles rutinar for drift saman med dei andre lavsikkerhetsfengsla i Innlandet

24110 – Legevakt

mål for tenesteproduksjonen

- God beredskap og gode tenester til befolkninga
- Sikre en berekraftig og framtidsretta drift av interkommunal legevakt

plan utviklingsarbeid 2025

- Utvikle en robust kommunal modell for fastlegar i legevaktsordninga med innovativ bemanningsleiing.
- God rekruttering av leger og sjukepleiarar

24120 – Behandling og rehabilitering Fysio/ergo/kreftkoordinator

Mål for tenesteproduksjon -sjå post under pleie og omsorg

Plan for utviklingsarbeid 2024 - sjå post under pleie og omsorg

24130 – Psykiatriteneste

Mål for tenesteproduksjonen

- Gi eit tilbod til alle aldersgrupper
- Delta i det tverrfaglege samarbeidet med andre tenester, til døme skule og heimeteneste
- Ivareta pårørande til brukare med plagar og lidingar innan psykiske helse og rus

Plan utviklingsarbeid 2025

- Vidareutvikle rutinar for identifisering og oppfølging av barn som pårørande
- Implementere og utvikle barne- og ungdomslos som eit lågterskeltilbod
- Vurdere etablering av gruppetilbod
- Delta i tverrfaglege møtearenaer med representantar frå helse og oppvekst
- Oppfølging av tiltak frå sjølvvmordsførebyggande plan

24140 – Felles psykologteneste Øvre Valdres

Mål for tenesteproduksjonen

- Bruke kompetansen til spissa oppfølging og kartlegging av barn, unge og unge vaksne og til kollegarettleiing

Plan utviklingsarbeid 2025

- Ferdigstilling av skriftleg arbeid innan spesialisering i emosjonsfokusert terapi
- Fortsette med samarbeidsmøte med dei samarbeidande kommunane for å sikre at kommunepsykologressursen brukast etter behov i dei ulike kommunane

Pleie og omsorg – Helsetun

Funksjon 253 Helse- og omsorgstenester på Vestre Slidre Helsetun

Pleie og omsorg i institusjon

25300 – Institusjon og heildøgnsbemanna omsorgsbustadar inneheld tenestene:

Pleie og omsorg i institusjon – omfatter langtids, rehabiliterings, - korttids- og avlastningsopphald. Til sammen 20 plassar.

Pleie og omsorg i omsorgsbustader - heildøgnsbemanna bustadar for menneske med demens og alderspsykiatri. Brukargruppe er personar som ikkje klarer seg heime med heimetenesta, men som ikkje treng institusjonsplass, til saman 12 omsorgsbustadar.

Drift av kjøkken, som server mat til heile helsetunet, 32 pasientar. Dei produserer middag til heimebuande, og mat til dagsenter for heimebuande med demenssjukdom, og til eldresenteret.

Målgruppe for tenestene

Målgrupper for tenesta er innbyggjarar i Vestre Slidre kommune, som i medhald til enkeltvedtak og i samsvar med lov og forskrift har rett til dagopphald, avlastingsopphald, korttidsopphald eller langtidsopphald. Målgruppa for helse- og omsorgstenestane er personar i alle aldrar med; akutt skade eller sjukdom, personar med kronisk sjukdom eller funksjonssvikt, og personar med pleie- og omsorgsbehov som de sjølv ikkje kan meistre.

Nøkkeltal:

12209: Utvalgte nøkkeltall for helse og omsorg, etter statistikkvariabel, region og år

		2019	2020	2021	2022	2023
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	3452 Vestre Slidre	.	38815	41710	46344	53848
	EAKUO Landet uten Oslo	28774	29272	33078	34551	37829
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	43478	41204	45668	48246	53410
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	3452 Vestre Slidre	.	427,5	423,9	420,8	415,4
	EAKUO Landet uten Oslo	313,2	315,3	319,0	322,0	328,3
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	462,2	446,7	446,3	444,2	447,4
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)	3452 Vestre Slidre	.	75,2	82,1	84,7	80,6
	EAKUO Landet uten Oslo	77,7	78,1	78,3	78,0	77,5
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	79,5	77,7	78,1	78,1	77,5
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	3452 Vestre Slidre	.	0,61	0,47	0,52	0,54
	EAKUO Landet uten Oslo	0,58	0,58	0,58	0,58	0,59
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	0,52	0,57	0,57	0,56	0,56
Andel innbyggere 80 år og eldre med institusjonsopphold (prosent)	3452 Vestre Slidre	.	13,1	11,0	12,4	12,2
	EAKUO Landet uten Oslo	11,9	11,2	10,9	10,4	9,9
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	13,6	12,6	11,9	11,8	11,5
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	3452 Vestre Slidre	.	20,0	20,0	0,0	100,0
	EAKUO Landet uten Oslo	91,0	91,8	92,5	93,3	94,8
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	93,5	94,8	95,7	96,1	98,7
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon (kr)	3452 Vestre Slidre	.	4770	4533	6465	10189
	EAKUO Landet uten Oslo	3842	4032	4437	4751	5272
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	4089	3799	4228	4623	5058
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	3452 Vestre Slidre	.	0,56	0,70	0,56	0,39
	EAKUO Landet uten Oslo	0,56	0,57	0,63	0,64	0,68
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	0,49	0,53	0,56	0,54	0,54

Kjelde: SSB

Mål for tenesteproduksjonen

- Sikre at alle tenesteområde tek omsyn til folkehelse i all verksemd og gjennomfører helsefremjande tiltak i samarbeid med organisasjonar og frivillige ressursar.
- Bevisstgjere innbyggjarane på eget ansvar for tilrettelegging for eigenomsorg, ved å nytte eigen vilje, hjelpemidlar, teknologiske moglegheiter og frivillige ressursar, for å kunne bu heime lengst mogleg.
- Pasientar som er inne på rehabilitering, skal få den opptreninga dei treng for å koma seg heim så raskt som mogleg.
- Arbeide for auka arbeids- og aktivitetstilbod til ulike grupper av befolkninga uavhengig av alder og etnisitet.
- Sikre heimetenestetilbod, institusjonsplassar og bustader med heildøgnsomsorg i takt med befolkningsutviklinga, lokalt og regionalt.
- Ha pasientrom og omsorgsbustadar til rullerande avlastning for heimebuande
- Sikre tenestetilbodet tilstrekkeleg tilgang av kompetent helse- og omsorgspersonell.
- Sikre god og riktig ernæring til alle som treng hjelp til det.
- Oppretthalde desentraliserte tenestetilbod i Vestre Slidre, med supplerande spesialiserte interkommunale tenester.

Organisering av tenesteproduksjonen

Helsetunet med heildøgnsbemanna omsorgsbustadar og institusjonstenestar, samt kjøkkendrift. Organisert i sektoren helse og oppvekst.

Plan utviklingsarbeid 2025

- Driftstilpassing og vidareutvikling basert på erfaringar etter eit års bruk av Vestre Slidre helsetun.
- Arbeidsplan- sikre nok og rett kompetanse i felles arbeidsplan, planlegging og samarbeid mellom helsetunet og heimetenesta.
- Jobbe målretta med oppgåvedeling mellom profesjonane, slik at kompetansa vert nytta best mogleg.
- Jobbe målretta med rekruttering og behalde fagkompetanse- samt kompetanseheve eigne tilsette i grunn- og vidareutdanning.
- Velferdsteknologi – tryggleik. Nytte teknologi der det er hensiktsmessig for å sikre at pasientane har mest mogleg sjølvstende, og opplev minst mogleg inngripen i kvardagen.
 - Sørge for at alle som skal nytte teknologien, har god nok kompetanse, og er trygge på å bruke den.
 - Ha eigne superbrukara til støtte for dei andre tilsette.
 - Nytte teknologien best mogleg i tenesteproduksjon
- Samarbeid med SamAks - går inn i eit nytt samarbeid med SamAks i 2025
- Tilpasse personalareal på omsorgsbustadene til dagens driftbehov
- Frivillighet: Styrke og utvikle samarbeidet med frivilligheita, for eit best mogleg aktivitetstilbod for den enkelte bebuar

Heimetenesta

25400 Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende inneholder tjenestene: heimetenester – herunder:

- Helsehjelp,
- Matutkøyring
- Tryggleiksalarm
- Vaktmeister til formidling av tekniske hjelpemidlar frå NAV og kommunal korttidsutlån av hjelpemidlar

24120 Behandling og rehabilitering – Fysio/Ergo/ Kreftkoordinator – herunder:

- Kommunal fysioterapi
- Frisklivssentral
- Ergoterapi
- Kreftsjukepleier

23420 Aktivitet og dagtilbud/dagavdeling - herunder:

- Dagsenter for heimebuande med kognitiv svikt
- Taxitransport til og frå dagsenteret

Plan for utviklingsarbeid 2025

- Fortsette og auke bruken av det nyoppretta behandlingsrommet på helsetunet, slik at kommunal ergoterapeut og fysioterapeut kan behandle/trene med pasientar på helsetunet og til bebuarar ute på bygda

Målgrupper for tenestene

- Målgrupper for pleie- og omsorgstenestene er innbyggjarane i Vestre Slidre kommune, som i medhald til enkeltvedtak og i samsvar med lov og forskrift har rett til ein eller fleire av dei aktuelle tenestene. Målgruppene for helse- og omsorgstenestene er personar i alle aldra med akutt skade eller sjukdom, personar med kronisk sjukdom eller funksjonssvikt og personar med pleie- og omsorgsbehov som dei sjølv ikkje kan meistre. Tenesta blir gitt i heimen, i bufellesskap, omsorgsbustad

Nøkkeltal:

12209: Utvalgte nøkkeltall for helse og omsorg, etter statistikkvariabel, region og år						
		2019	2020	2021	2022	2023
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	3452 Vestre Slidre	.	0,61	0,47	0,52	0,54
	EAKUO Landet uten Oslo	0,58	0,58	0,58	0,58	0,59
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	0,52	0,57	0,57	0,56	0,56
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	3452 Vestre Slidre	.	39,2	37,8	38,8	37,4
	EAKUO Landet uten Oslo	30,3	29,2	28,8	28,0	27,2
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	37,1	34,2	33,3	33,1	31,2
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	3452 Vestre Slidre	.	26,7	45,8	39,8	35,2
	EAKUO Landet uten Oslo	47,9	48,4	48,8	49,0	48,9
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	41,4	43,8	44,1	43,9	45,8
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	3452 Vestre Slidre	.	10,3	10,4	10,5	7,1
	EAKUO Landet uten Oslo	9,7	9,7	9,7	9,6	9,7
	EKG05 KOSTRA-gruppe 5	12,3	12,2	12,2	12,3	12,0

Kjelde: SSB

Mål for tenesteproduksjonen

- Sikre at alle tenesteområder tek omsyn til folkehelse i all verksemd og gjennomfører helsefremjande tiltak i samarbeid med organisasjonar og frivillige ressursar.
- Bevisstgjere innbyggjarane på eget ansvar for tilrettelegging for eigenomsorg, ved å nytte eigen vilje, hjelpemidlar, teknologiske moglegheiter og frivillige ressursar.
- Arbeide for auka arbeids- og aktivitetstilbod til ulike grupper av befolkninga uavhengig av alder og etnisitet.
- Sikre heimetenestetilbod, institusjonsplassar og bustader med heildøgnsomsorg i takt med befolkningsutviklinga, lokalt og regionalt.
- Sikre tenestetilbodet tilstrekkeleg tilgang av kompetent helse- og omsorgspersonell.
- Oppretthalde desentraliserte tenestetilbod i Vestre Slidre, med supplerande spesialisert tenestar interkommunalt i Valdres
- Sørge for gode og nødvendige tenester til befolkninga innan for områda ergoterapi, fysioterapi og kreftomsorg

Organisering av tenesteproduksjonen

Tenestene er organisert i sektoren helse og oppvekst

Heimebaserte tenester fordelt på følgjande områder; Lomen, Slidre og Røn. Heimebaserte tenester har 35 bustadar som stor grad vert nytta til helseformål. Bustadane er: Rust, Kroken, Sikt, Sjø, Tytebærstigen, Haugo, Bjerkvold, Lomen og Røn.

Heimetenesta har eit kvardagsrehabiliteringa team som samarbeider med Ergo/fysio.

Kreftsjukepleier har ein dag pr. veke til oppfølging i kommunen. Resten av stillinga er interkommunal, som kreftkoordinator.

Kommunal fysioterapeut har ansvaret for fysioterapi i heimen, barn/unge og sjukeheim. Ergoterapeut har ansvar for kartlegging, bestilling og levering av hjelpemiddel. Hjelpemiddellageret formidlar tekniske hjelpemiddel frå NAV hjelpemiddelsentral, og kommunalt lager for korttidsutlån.

Velferdskoordinator i 60% stilling, som jobbar med velferdsteknologiske løysingar opp mot alle helsetenestene i kommunen, der det er behov.

Planlagt utviklingsarbeid 2025

- Vidareutvikle og evaluere det vi har gjort så langt med tilrettelagt dagtilbod til personar med kognitiv svikt, 3 dagar pr. Veke. 2 dagar er det ope tilbod for heimebuande i Plassen. 4 timar kvar av dagane. 1 dag er til bruk for administrasjon, heimebesøk og kartlegging etter henvisning til hukommelsesteamet
- Per i dag nyttast taxi som køyre og hentetilbod for å sikre at brukarar kjem seg til dagtilbodet for menneske med kognitiv svikt. Evaluering i løpet v 2025 på om dette er ein ressursnyttig måte å løyse det på.
- Leie av nytt system for tryggleiksalarmar, som nyttast av heimebuande og omsorgsbustadane Rust og Kroken
- Bytte ut låsesystemet til nøkkelboksar for dei som har trygghets alarmer i kommunen.
- Fortsette tilpassing i nytt helsetun, med bemanning, turnusar og fellesoppgåver inne/ute
- Arbeidsplan- sikre nok og rett kompetanse i felles arbeidsplan. i samarbeid mellom omsorgsbustadar med heildøgnsbemanning, institusjon og heimetenesta.
- Jobbe målretta med oppgåvefordeling mellom profesjonane, slik at kompetanse blir nytta best mogleg. Evaluere dei nye turnusordningane.
- Jobbe målretta med rekruttering og behalde fagkompetanse
- Velferdsteknologi – tryggleik. Nytt teknologi der det er hensiktsmessig for å sikre at pasientane har mest mogleg sjølvstende, og opplev minst mogleg inngripen i kvardagen.
- Innføring av IKOS tavle, effektivisere og sikre oppgåver og oversikt på pasientar i tenesta.
- Sikre nok resursar i heimetenesta, slik at brukarar kan bu heime lengst mogleg. Og jobbe med nye arbeidsmåtar på tvers av avdelingar
- AKS (Avansert Klinisk Sjukepleier) Har 50% stilling i kommunen. Jobbar inn mot pasientar i heimetenesta, helsetunet og hukommelses teamet. Utvikle denne stillinga, då den er ny frå hausten 2024.
- Kvardagsrehabilitering- vidareføre og utvikle tilbodet
- Fulje rulleringsplan for utskifting av bilar. Skifte ut ein bil årleg. Oppretthalde noverande antal bilar

- Kommunal vaktmeister, med ansvar for hjelpemidlar i 60% blir overført til heimetenesta. Vidareutvikle hensiktsmessig oppgåve og ansvarsfordeling.

Individuelt tilrettelagte tenester ITT

Funksjon 253 Helse- og omsorgstenester i institusjon

25320 - Miljøarbeidartenesta

27300 – VTA/skogsgruppa

Målgruppe for tenesta

Målgruppa er innbyggjarar i VSK og personar som oppheld seg i kommunen som har rett på teneste. Tenestene blir gitt i samsvar med lov og forskrift og særskilt vedtak, og gjeld tenestemottakarar med ulike og samansette behov innan psykisk utviklingshemming, psykiatri og rus. Tenesta følgjer opp personar som har behov for praktisk bistand, miljøbehandling og burettleiing i dagleglivet.

Utvikling i nøkkeltall

Det er noko nedgang i tal på enkeltvedtak og tenestetimar i psykiatri og rus, medan det er uendra tenestevedtak i heildøgns bemanna omsorgsbustadar. Endringar i kor mange bebuarar og heimebuande med behov for teneste er vanskeleg å føresjå.

Mål for tenesteproduksjonen

- Gje eit dagtilbod for menneske med ulike psykiske og sosiale funksjonsutfordringar ved å gje eit aktivitetstilbod i egna lokalar.
- Sikre at tenestetilbodet er fagleg forsvarleg med tilstrekkeleg tilgang av kompetent helse- og omsorgspersonell.
- Gode tenester etter enkeltvedtak tilpassa behov og lovverket.

Organisering av tenesteproduksjonen

Tenesta er organisert i sektoren helse- og oppvekst.

Vi jobbar teambasert med ulike bustadteam i heildøgnsbaserte tenester ved bufellesskapet i Utsyn.

Vi har eit ambulerande psykisk helse -og rusteam som yter helsehjelp og praktisk bistand til innbyggjarar i eigen heim og driftar dagsenteret.

Det er eit eige fagbasert team samansett av ulike profesjonar som sørgjer for at all tenesteyting og ulike tiltak er forsvarleg og i henhold til fag og lovgjeving. Tenesteytinga skal være i samsvar med helsedirektoratet sitt rundskriv om tenester til personar med funksjonsnedsettingar.

Plan utviklingsarbeid 2025

- Oppretthalde eit dagaktivitetstilbod for menneske med ulike funksjonsutfordringar psykisk, fysisk og sosialt som krev særskild tilrettelegging.

- Vidareføre det låge sjukefråværet.
- Arbeide vidare med gode tiltak for å være ein attraktiv arbeidsplass for personar med rett kompetanse og fagbakgrunn.
- Oppnå 100% fagdekning blant dei tilsette.
- Starte arbeidet mot driftsendring med ny arbeidsplan. Innføre årsturnus med oppstart allereie i 2025, med full verknad frå 2026/2027.
- Endre team-modellen til ein base-modell i tenesta.
- Halde fram med implementering av PAS (Positiv atferdsstøtte) som rammeverk i tenesta.

Plan, Teknisk, Miljø og Samfunnsutvikling.

Kommuneområdet har dei siste åra vore under omstilling og omorganisering. Tenesteområdet dekkjer kommunen sine lovpålagte behov for forvaltning og drift i dei ulike kommunale tenesteområda.

Kommuneområdet har eit breitt fleirfagleg ansvarsområde heilt frå landbruk som er i starten av verdikjeda til reinseanlegg som er i andre enden.

Det er lagt til grunn ei ny organisasjonsendring framover. Området blir delt i mellom Forvaltning og Drift. Avdelingane blir derfor Teknisk Forvaltning og Teknisk Drift og Utvikling.

I dette ligger blant annet oppgåver og tenester:

Forvaltning	Drift
• Jordbruk ○ Jordbruksrådgiving ○ Jordbruksvikar ○ Styrearbeid innan jordbruk • Skogbruk • Viltforvaltning • Planarbeid • Byggesak • Byggesak spreidde avløp • Oppmåling • Næringsutvikling • Samfunnsutvikling • Klima & Miljøarbeid • Kommunale gebyr • Styremedlem i VGIS	• Eiendomsforvaltning ○ Kommunale bustader ○ Innleidde bustader ○ Kommunale bustader ○ Enøk arbeid • Forvaltning drift og vedlikehald (FDV) ○ Drift bygg og anlegg ○ Vedlikehald bygg og anlegg ○ Vaktmeistertenester ○ Reinhold ○ Reinhold heimhjelp ○ Praktisk bistand heimhjelp ○ NAV/helse/private ○ Byggdrifterforum • Veg, vann og avløp (VVA) ○ Veg prosjekt og vedlikehald ○ Drift Vann behandlingsanlegg ○ Drift Reinseanlegg ○ Pumpestasjonar mm. ○ Lekkasjessøk vann/avløp ○ Kommunale biler ○ DIO møter • Prosjektleiing bygg/teknisk • VA ingeniør
Administrasjon	• Kommunestyret • Formannskap • Teknisk leiarforum • Styrearbeid innan IKS og foreiningar • Beredskapsarbeid/EPS ansvarleg • HMS/Internkontroll/Avviksarbeid • Slidremarknaden

Forvaltning, drift og vedlikehald. (FDV)

Fellesfunksjon for alle kommunale bygg med vedlikehald og vaktmeistertenesta samt reinhald i bygga. FDV har ansvar for praktisk bistand og reinhald knytt til heimetenesta.

- **Funksjon 130- Administrasjonslokaler- som inneheld denne tenestene:**
13000 Administrasjonslokalar
 - Rådhus/Slidretun
 - Sentrumsbygg
 - Deler av bankbygg
 - FDV utfører vedlikehald og vaktmeistertenester
 - Involvert, planleggande og utførande, innan for internkontroll tekniske fag og HMS.

- **Funksjon 221-222 – Barnehagelokalar- skulelokala - som inneheld denne tenestene:**
22100 – Barnehagar
 - Barnehage i Røn
 - Barnehage i Slidre
 - FDV utfører vedlikehald og vaktmeistertenester
 - Tilstands analyser av leikeapparatar og aktivitetsområde
 - Involvert, planleggande og utførande, innan for internkontroll tekniske fag og HMS.
 22200 – Slidre skule og deler av Vestre Slidre Kulturhus
 - Slidre Skule
 - Deler av Slidre kulturhus
 - Vi utfører vedlikehald og vaktmeistertenester
 - Drift av basseng med prøvetaking og internkontroll
 - Tilstands analyser av leikeapparatar og aktivitetsområde
 - Involvert, planleggande og utførande, innan for internkontroll tekniske fag og HMS.

- **Funksjon 261 og 265 – Institusjonslokalar og Kommunalt disponerte bustadar - som inneheld denne tenestene:**
26100 – Institusjonslokale som gjelder følgende bygg:
 - Sjukeheimen.
 - Utsyn med 5 leilegheiter.
 - Plassen aktivitetshus.
 - Bergtun med 8+4 leilegheiter.
 - Pleie og omsorgsavdeling.
 - Helsetunet.
 - Vi utfører vedlikehald og vaktmeistertenester
 - Involvert, planleggande og utførande, innan for internkontroll tekniske fag og HMS.
 26500 – kommunalt disponerte husvære med helsevedtak som gjelder følgende husvære:
 - Sikt og Sjø 1 – 8.

- Rust 9 – 14, Kroken 15 – 20.
 - Tytebærstigen 21 – 24.
 - Lomen 3 leilegheiter.
 - Røn 3 leilegheiter.
 - Haugo med 2 leilegheiter.
- Vi utfører vedlikehald og vaktmeisterstenester.
 - Involvert, planleggande og utførande, innan for internkontroll tekniske fag og HMS.

26510 - kommunalt disponerte husvære utan helsevedtak som gjelder følgande husvære:

- Bjerkvoll med 3 leilegheiter.
 - Styrarbolig som einebustad med sokkel-leilegheit.
 - Einebustad Solvik.
 - Einebustad Solli.
 - Hybel i Bergtun.
- Vi utfører vedlikehald og vaktmeisterstenester.
 - Involvert, planleggande og utførande, innan for internkontroll tekniske fag og HMS.

Funksjon 295 Kyrkja.

29500 – KYRKJA

Gjennom ei samarbeidsavtale mellom PTMS og Vestre-Slidre kyrkjeleg fellesråd er vi involvert i ulike aktivitetar inn mot drift og vedlikehald av kyrkjebygg i kommunen.

- Uteområde på alle kyrkjebygg
- Lett vedlikehald av kyrkjebygg
- Graving av graver i intern avtale

Funksjon 315 – Bustadbygging og fysisk bumiljø

31500 - Formidling av tomter, bustadbygging og fysisk bumiljø

- Prestegardshavnin
- Rønshagan, Røn
- Stubesett, Vaset(utsolgt)
- Sponbakkadn, Slidre
- Utvikling Slidre sentrum
- Utvikling Vaset sentrum
- Lomen Industriområde, Industritomter

Her skjer det mykje spanande. Vi arbeidar kontinuerleg for ei vekst i kommunen vår og ynskjer å bidra til både gode bustadområde, næringsområde og aktivitetsområde.

Funksjon 335 og 380- 381– 386 - Rekreasjon i tettstad, Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg, kommunale idrettsanlegg og kulturbygg - som inneheld denne tenestene:

33500 - parkanlegg /leikeplassar

- Vi utfører jamleg vedlikehald og ein årleg tilstandsrapport av våre leikeplassar / leikeapparat

38000 – idrett og støtte til andre idrettsanlegg

- Vi utfører plenklipping av fotballbanen i Slidre i samarbeid med idrettslaget.

38100 – Idrettsanlegg kommunale, gjelder deler av Kulturhuset

- Vi utfører vedlikehald og vaktmeistertenester
- Drift av basseng med prøvetaking og internkontroll
- Involvert i internkontroll for bygg og apparat
- Involvert, planleggande og utførande, innan for internkontroll tekniske fag og HMS.

38600 - Kulturbygg, gjelder deler av kulturhuset

- Vi utfører vedlikehald og vaktmeistertenester
- Involvert, planleggande og utførande, innan for internkontroll tekniske fag og HMS.

Målgruppe for tenestene

Det er brukarar av alle bygg som kommunen eiger og leiger.

I tillegg har vi arbeidsoppgåver med alle teneste vedtak for brukarene i kommunen med behov for hjelpemidlar og behov for praktisk bistand etter vedtak (reinhold, snørydding, mm).

Mål for tenesteproduksjonen

Tenestene har fokus på å levere gode teneste for brukarane av kommunen sine bygg og areal, og at dei skal fungere mest mogleg optimalt for alle som bruker dei.

Målbare punkter for dette er vanskeleg å sette. Det vil bli jobba med måltal i samband med meir fokus på bruk av vedlikehaldssystemet Famac. Famac vil gje oss ei betre oversikt over oppgåve som er meldt inn og når dei blir utført.

Måltall:

Innmeldte vedlikehaldsoppdrag	> 200
Utførte store oppdrag > 50 000 kr	> 10
Utførte små vedlikeholds oppdrag	>100
Utførte investeringsprosjekter	
Anntall hjelpemiddel oppdrag	>
Anntall branntilløp i kommunale boliger	0
Anntall branntilløp i kommunale bygg	0
Antall skader på ansatte	0

Organisering av tenesteproduksjonen

Tenestene ligger i ansvarsområdet TDU, Teknisk Drift og Utvikling, og rapporterer til kommunalsjef

- Eigedomsforvaltning er organisert i stab med fokus på investeringsprosjekta , enøk tiltak og planlegging av prosjekter innan for tenestene.
- FDV, forvaltning, drift og vedlikehald er organisert med ein driftsleder, driftsteknikkarar reinhaldarar og reinhald heimehjelp. Dei leverer vedlikehaldsoppdrag dagleg.
-

Plan utviklingsarbeid 2025

Tenesteområdet utfører arbeid etter oppsett budsjett for vedlikehald og investeringar. I desse planane er det mange spennande prosjekt og oppgåver å ta tak i.

Det er planar om å få utarbeidd ein oversikt over alle vedlikehaldsbehov / tilstand på våre bygg i 2025. Dette er eit omfattande arbeid med å utarbeide tilstands analyser for kvart bygg og hente inn prisar på dei tiltaka som er beskrive.

TDU har vært under omorganisering det siste året og vi har nå ein struktur som vi kan jobbe vidare med. Avdelinga er delt, det er tilsett ein driftsleiar VVA (Veg, vann og avløp) og ein driftsleiar FDV (teknisk forvaltning, drift og vedlikehald). Dette gjer at vi har fått til eit breitt samarbeid der dei ulike fagfelta er informert om kvarandre sine oppgåver og i større grad kan hjelpe kvarandre ved behov. Dette har vore eit av utviklingsområda i 2024 som vi skal jobbe vidare med i 2025.

På grunn av utfordringa med å rekruttere nye tilsette, er det viktig å behalde dei vi har i dag. Vi er opptatt av kompetanseheving på dei som allereie er tilsett og håper at dei med denne moglegheita ynskjer å bli verande i Vestre Slidre kommune. Vi legger til rette for at både byggdriftarane og reinhaldar kan ta fagbrev.

Vi har gruppert dei tilsette på FDV og eigedom som byggdriftarane og reinhaldarar. Dei ulike tilsette på tenesteområdet har kvart sitt ansvarsområde med internkontroll, men vi samarbeider tett slik at vi kan løyse alle oppgåver i lag. Reinhald har i tillegg til reinhald av våre bygningar også ansvar for reinhald praktisk bistand (Heimeteneste) Med denne organiseringa prøver vi å få utført mest mogleg vedlikehald av bygga i tillegg til den daglege drifta. Reinhaldspersonalet er vår første rekke i å sjå avvik i bygningar deltar i å rapportere inn oppdrag til vedlikehald systemet Famac. Alle våre kommunale tenester bruker også dette systemet for meldingar til vår vaktmeistersteneste.

I sommar har vi hatt med oss to flinke ungdommar som hjelpte oss med diverse forefallande arbeid. Det har vore veldig nyttig. Vi håpar og få til dette også i kommande år framover. Vi er også positive til å samarbeide med Valdres vidaregåande skule for utplassering av elevar. Det er ingen konkrete avtalar enno.

Vi har i dag etablert tre ladestasjonar for El-bilar på kulturhuset og det er også montert 3 ladestasjonar på helsetunet som er for heimetenesta. Vi har nå 3 el-biler som heimeteneste disponerer.

Veg, vatn og avløp

Funksjon 332 – Kommunale vegar

Vi har i dag vedlikehald av Kommunale vegar og gangvegar som vi vedlikehalder.

— Grusing

- Brøyting
- Grøfterensk
- Asfalterer
- Masse utskifting

Funksjon 338 -339 – Forebygging og beredskap av brann og andre ulykker

Valdres brann og redning IKS forvaltar desse oppgåvene for Vestre Slidre kommune

- 33800 – Feiing/ førebyggjande arbeid
- 33900 – Brannvesen

Funksjon 340 Produksjon av vatn- som inneheld denne tenesta:

- 34000 - Produksjon av vatn
 - Drifter 2 vatnbehandlingsanlegg

Funksjon 345 Distribusjon av vatn- som inneheld denne tenesta:

- 34500 - Distribusjon av vatn
 - Vedlikehald og drifting av kommunal vatnforsyning og høgdebasseng
 - Beredskapsvatn for kommunen sine innbyggjarar

Funksjon 350 Avløpsreinsing - som inneheld denne tenesta:

- 35000 – Avløpsreinsing
 - Vi drifter 2 reinseanlegg

Funksjon 353 Avløpsnett og innsamling av avløpsvatn- som inneheld denne tenesta:

- 35300 – Kloaknett
 - Vedlikehald og drifting av avløpsnett og pumpestasjonar.

Funksjon 354 Tømming av slamavskillarar, septiktankar o.l på små avløpsanlegg

35400- Septikktømming VKR s forvaltar desse oppgåvene for Vestre Slidre kommune

Funksjon 355 innsamling, gjenvinning og sluttbehandling av husholdningsavfall

35500- Innsamling av avfall VKR forvaltar desse oppgåvene for Vestre Slidre kommune

Målgruppe for tenestene

Kommunen sine innbyggjarar og brukarar av tenestene innanfor ansvarsområdet.

Mål for tenesteproduksjonen

Teneste området har som mål å gode tenester til brukarane i kommunen innan for teneste områdene.

Vedlikehalde og drifte kommunale vegar slik at brukarar og innbyggjarar har trygge og gode vegar.

Produsere og gi innbyggjarane reint og nok vatn.

Drifte og vedlikehalde reinseanlegg for vatn og avløp innanfor lovpålagte utsleppsløyver.

Det er ikkje lett å sette målbare tall for teneste området, men dette vil vi jobbe med i 2025.

Måltall 2025

	2024	Målsetting 2025
Antall avvik Vaset RA	3	0
Antall avvik Røn RA	1	0
Antall avvik Holden VBA	0	0
Antall avvik Vaset VBA	0	0
Antall skader ansatte på jobb	0	0
Antall utførte lekkasjesøk Vann	10	
Antall utførte lekkasjesøk Avløp	5	

Organisering av tjenesteproduksjonen

Tenestene ligger i ansvarsområdet Plan, teknisk, miljø og samfunnsutvikling og rapporterer til kommunalsjef

- VVA (Veg, vann og avlaup) er organisert med ein teneste og 5 driftsteknikkarar som drifter området dagleg.

Plan utviklingsarbeid 2025

Rekruttering innanfor ansvarsområdet og tenesteområde er prioritert. Det er utfordringar med å få tak i mannskap. VVA vil jobbe framover med å være så gode at med tiltrekker oss nye tilsette ved behov.

Eininga har lagt ned ein god jobb sidan hausten 2022 med drift av dei tekniske anlegga våre og kan nå vise til gode reinseresultat og gode tilbake meldingar frå tilsynsmyndigheiter på jobben som er gjort.

VVA skal arbeide vidare med å bli eit tydelege fagmiljø innan for tekniske tenester i kommunen. Dette for å sikre oss kompetansen som er viktig for kommunen for å drifte tekniske anlegg innan for det gitte krav.

Det er arbeidd mykje med organiseringa innanfor feltet både på dagtid og i helger. Vi har lagt om drift til meir bestemte arbeidsområde. Dette for å skape kompetanseheving og eigarforhold til drift og styring av anlegga våre. Arbeidet med dette vil halde fram i 2025.

Det er gjennomført ei kartlegging av kommunale vegar ihht behov for vedlikehald i tiden framover. Det blir sett i gang planlegging for å kunne gjennomføre dette i åra som kjem.

Tenestekområdet går inn i nokre spennande og interessant år med naudsynte nye anlegg. Hovudplan VA, moglegheitsstudie inklusiv resipientundersøking av Sundheimselvi blir grunnlaget for val av løysing for reinseanlegg for framtida i Vestre Slidre.

Det er og gjennomført eit forprosjekt for nytt Vaset vatnbehandlingsanlegg. Arbeidet vil bli vidareført i 2025 for å trygge nok og reint vatn til kommunen sine innbyggjarar i Vasetområdet. Rehabilitering av høgdebasseng i Kjeldelie i Slidre blir gjennomført i 2025.

Forvaltning

Tenestekområdet består av desse tenestene,

Funksjon 301 - Plansakbehandling

- 30100 – planarbeid

-her ligg arbeid med kommunale planer, dispensasjonar og behandling av reguleringsplanar

Funksjon 302 – Byggesaksbehandling og eigarseksjonering

- 30200– Byggesak

- Her ligg mellom anna arbeidet med separate utslepp, byggesaker søknader om gjerdning, delingsaker etter pbl.

Funksjon 303 – Kart og oppmåling

- 30300- Kart og oppmåling

-Har ansvaret for matrikkel, oppmåling og tilbyr og plassering av bygg . Adressering og namnesaker ligg og her.

Funksjon 325- Tilrettelegging næringsliv

- 32510 Tilskot til reiselivstiltak

-Her er det sett av kr 280. 000 til løypekøyring som er ned 150.000,- frå fjoråret.

Funksjon 329 – Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling

- 32900 – Jordbruk tilrettelegging (Inkl landbruksvikar og landbruksfond)

-Informasjon, rådgeving , forvaltning av tilskotsordningar for landbruket. Kommunalt tilskot til landbruk (Landbruksfondet) er ein del av dette. Det er sett av kr 521.000 til dette. Kommunen har og tilsett landbruksvikar som er med vaktmeistrane om det er ledig tid. Kommunen administrere felles tilskot for UKL Stølsvidda for Nord Aurdal.

- 32901- Veterinærtjenesta (felles adm. for Valdres)

Administrasjon av veterinærvakt felles for Valdres

- 32910 – Skogbruk tilrettelegging

-Informasjon, rådgeving, skogfond, forvaltning av tilskotsordningar for skogbruk.

– Godkjenning av landbruksvegar.

Funksjon 360 – Naturforvaltning og friluftsliv

- 36000 – Miljøvern

-Søknader om motorferdsel i utmark, forureiningssakar,

- 36010 – Vilt/fiske forvaltning

-Tildeling av kvoter for hjortevilt, rapportering og oppfølging ved jakta. Ivaretaking av skadd og påkøyrte og dødt hjortevilt.

Kommunen er og pålagt å ha tilgjengeleg rovviltjaktlag. Det er sett av litt midlar til dette.

Målgruppe for tenestene

Dei vanlegaste målgruppene for tenestene er:

- utbyggerar (private og profesjonelle aktørar)
- aktørar i landbruket.
- grunneigarar, hytte og huseigarar
- næringsdrivande innan bygg og anlegg

Mål for tenesteproduksjonen

Gje gode tenester til brukarane av tenestene.

Oppretthalde tidsfristar i lovverk på byggesak, matrikkelføring og utsleppssøknader.

Utføre lovpålagte oppgåver/kontrollar innafor tidsfristane.

Målbare punkter :

Indikatorar på tenestekvalitet

Mål 2025

Antall saker omgjort av Statsforvaltaren på grunn av saksbehandlingsfeil.	0
---	---

329: Landbruksforvaltning

Andel ferdigbehandla lovsaker innan 8 veker	100%
Gjennomføre kontroll av tilskot til jord- og skogbrukstiltak innan fastsette frister.	100 %
Andel skogfondsaker som vert behandla innan 2 veker	100 %

303: Kart og oppmåling

Andel eksisterande eigedommar i eigedomsbasen.	98 %
Andel oversittelse av frist etter forskrift, Matrikkeloven § 18 3 (16 uker).	0

301: Plansaksbehandling

Andel 1 gongs behandling max 12 veker etter motteke komplett planmateriale.	100 %
Andel planer registrert i planbasen innan 8 dager etter planvedtak.	100 %

302: Byggesaksbehandling og eierseksjonering

Andel gjennomførte tilsyn i % av gitte ferdigattestar på nye bustadbygg, næringsbygg, publikumsbygg og offentlege bygg.	10 %
Andel overskridingar av saksbehandlingstid som medfører nedsetting av gebyr	0 %
Andel «3-vekserssaker» ferdigbehandla innan 3 veker.	100 %
Matrikkelføring, andel saker innafor 5-dagers fristen	100 %
Gjennomføre tilsyn og oppfølging av private avløpsanlegg med meldt avvik.	100 %

Organisering av tenesteproduksjonen

Tenestene ligg organisert hjå Teknisk Forvaltning.

Plan utviklingsarbeid 2025

Rekruttering

Fleire av fagfelte innan for tenesteområdet er krevjande å rekruttere til. For å sikre kommunen sin kompetanse er det viktig å behalde arbeidskraft og å være attraktive og konkurransedyktige i rekrutteringsprosessar.

Samarbeid i Valdres.

Det blir arbeidd med utgreiing i regi av kommunedirektørutvalet (KDU) på nokre område.

-Det går føre seg eit arbeid med å moglegheiter for Felles VA der tilsyn av spreidde avløp inngår.

-Det blir også laga ei utgreiing for å sjå på felles landbrukskontor. Ø. Slidre kommune har ansvar for ein oppstart og grunnlag for dette utgreiingsarbeidet.

Plan, bygg og oppmåling er også område der samarbeid kan vere aktuelt med samarbeid.

Skal det etablerast samarbeide i Valdres bør dette si så fall samlast på ein plass.